



Sjølvoopplevd

– Det er viktig at ein står inne for det ein skriv. Berre på den måten kan me få med oss publikum, seier Bjørn Marius Øyehaug i Rotlaus.

SIDE 14–15



Rak i ryggen

Landsmøtet i Vinje vart ei feiring av rekordmange utsendingar, eit rekordhøgt medlemstal og fleire viktige målpolitiske sigrar dei siste åra.

SIDE 8–11



Seriedronninga

Husteiknar for Norsk Barneblad, 70 bokomslag, 30 Smørbutikk-hefte og 49 hefte av Tuss og Troll. I år ville Solveig Muren Sanden blitt 100 år.

SIDE 22–23

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 3
juni 2018

Heimlaus

I hundre år hadde målfolk i Skien eit eige lokale. Men i vår var det slutt for tida på Dag Bondeheim. Bøker, protokollar og bilete måtte flyttast til eit mellombels lager.

– Det er eit nederlag, og det kjem på mi vakt, seier Svanhild Haugen, leiar i Mållaget Dag.

SIDE 16–19

By og land

NT Eg er stadig på jakt etter teikn på arroganse frå hovudstaden. Dei siste par åra har dette gått ut over opninga av Dagsrevyen. Det heng eigentleg att frå den førre varianten, der det gjekk «signal» på kryss og tvers av verda og inn til Noreg. Les: Oslo. Med unntak av det eg trur må vera Bodø, så fekk ein inntrykk av at resten av landet ikkje kommuniserte med omverda i det heile.

NT Den nye slit med det same. Den er ein serie fotografi som skal råma inn det som kjem. Her er konflikhtar, menneske, politikk, vær, krig, togtrafikk og utlandet. Meir spesifikt er det bilete av Stortinget, Oslo S, ei gangbru over Oslo S og ein skulegang som sikkert også er i hovudstaden ein stad. Resten av landet er representert med eit bilete frå konserthuset i Stavanger og eit småbruk ved ein fjord. Moglegvis er det oljeraffineriet på Kårstø me ser, men det er ikkje heilt lett å plassera.

NT Det finst andre togstasjonar enn Oslo S. Det finst moderne kontorbygg også i andre byar, og ikkje minst finst det fine skular spreidd ut over heile landet.

NT Men så kan ein jo hevda at opninga gjev eit fint bilete av det som kjem. Mesteparten av innslaga handlar uansett om det som skjer i Oslo.

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Kjartan Helleve,
kjartan.helleve@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Ei ny tid er i emning

GODE ALLE MÅLLAGSMEDLEMMER og takk for sist til alle dykk eg fekk gleda av å treffe under landsmøtedagane i Vinje. Takk også til dei tilsette i skrivearstova som tok utfordringane på strak arm og fekk det kompliserte til å sjå lett ut, i godt samarbeid med lokallagsfolka frå Vinje som heldt i smått og stort av servering og anna. Takk til alle!

DET VIKTIGASTE RESULTATET av landsmøtet er at vi nå har eit godt og aktuelt arbeidsprogram å styre etter dei neste fire åra. Fem hovudprioriteringar er klare, og den første er den som òg ligg til grunn for kampanjen «Oppdater!». Med blest og politisk påverknad skal vi sørge for at nynorskelevane møter språket sitt gjennom heile skulekvardagen, enten opplæringa skjer på skjerm, tavle eller i bok.

VI SKAL ÒG påverke samanslåinga av kommunar og fylke slik at ikkje reformene slår negativt ut for nynorskbrukarane. Det er heller slik at endringane bør føre til tydelegare regelverk og betre rettar.

Alle skuleelevar i Noreg skal møte nynorsken under heile utdanningsløpet, og det må òg føre til at lærarutdanninga får sterkare nynorskkrav.

Slike krav må òg stillast til teknologi-utviklarane generelt. Eit eksempel er reiseplanleggingsnettstaden «Entur» som nyleg kom i nynorskversjon (men dessverre etter at namnet var bestemt).

Grunnlaget for at vi skal få til alt dette, er det siste prioriteringsområdet – nemleg ei auka styrking av sjølve organisasjonen vår. I denne perioden skal Noregs Mållag skipa opp att sovande lokallag, skipa fleire lokallag og drive med leiar-skulering, særleg med sikte på meir politisk arbeid i lokallaga.


NT LEIARTEIGEN



MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

ARBEIDSPROGRAMMET GJELD FOR dei neste fire åra. Når det gjeld dei neste to åra, så er altså eit nytt styre valt. Så mange som fire av oss er med frå det gamle styret (fem med målungdomsleiar Fredrik Hope), og i tillegg er det supplert med to nye, kompetente folk. Varalista er òg sterk. På vegner av oss som er valde, vil eg få takke for tilliten. Vi lovar å gjera så godt vi kan, meir kan ingen gjera.

INNTRYKKET VÅRT ER at det har gått ganske bra med Noregs Mållag og det nynorske prosjektet i dei siste åra. Grunnlova som Marit Aakre Tennø og førre styre fekk gjennom, blei eit slags vass-skilje. Så kom debatten om Vestlandsregionen og alle høyrings-svara til føremon for nynorsken. Dei to siste åra har talet på nynorskelevar i grunnskulen gått ned med til saman 37. Det hadde sjølv sagt vore betre om det var ein auke, men sett opp mot totalen på 76 352 er det umogleg å seia at talet viser eit språk som er på veg til å dø. Bergen, Ålesund og Stavanger er tre gode døme på plassar der det for tida går debattar om korleis ein best kan styrke nynorsken i byen. Stadig fleire kommunar går over til norskopplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar. Tal Noregs Mållag har fått frå Skattedirektoratet, viser at nesten ein halv million folk over heile landet vil ha skattemeldinga



levert på nynorsk. Det er ny rekord. Det Norske Teatret hadde smått utrullege 267 297 publikummarar i fjor. Det er også ny rekord. Og så bortetter. Slike døme finst det mange av for tida. Fleire gonger det siste året har eg gripe meg sjølv i å nynne på telemarking Kåre Viruds 1975-versjon av Bob Dylans «The Times They Are A-Changin'»: «Ei ny tid er i emning».

PÅ DET NORSKE TEATRET var det feiring av 150-årsjubileet for Det Norske Samlaget for nokre veker sidan. I nynorsk-forlaget feirar dei òg rekord-år med Elena Ferrante- og Maria Parr-suksess. Ved jubileet var kronprinsesse Mette Marit og statsminister Erna Solberg til stades. «Nynorsk er outsideren som eigentleg har komme i posisjon», sa Solberg i helsingstalen.

OK – I MÅLRØSLA må vi heile tida hugse på at vi står i fare for å sjå verda litt mykje frå innsida av vår eiga, vonfulle boble. Utdringane og trugsmåla står i kø, spesielt i randsonene der skulemålsrøystingar truar, og nynorskelevane gir slepp på nynorsken når dei går over i vidaregåande. Fylkes- og kommunesamanslåingane legg press på språket over heile fjøla. Digitale læremiddel kjem ikkje på nynorsk. Dialektbruken mange stader er sterkt svekt ...

LIKEVEL TRUR EG det er grunn til å seia at statsministeren har rett når ho seier at nynorsken nå er i posisjon. Noko har nemleg hendt. Vi som er opptatte av at VM i fotball er rett rundt hjørnet, veit at i den idretten bruker ein «posisjon» mest i eitt ord: «scoringposisjon». Med statsministerens ord er vi i posisjon til å få mykje mål (medvite ordspel!). Nestleiar

Jens Kihl uttrykte det godt i sosiale medium dagen etter festkvelden med statsministeren: «Noko er i ferd med å skje for nynorsken: Vi treng ikkje lenger berre kjempe forsvarskampar. Våre ønske, krav eller draumar skal ikkje berre bli møtt med hovudristing og skuldertrekk, men bli sett på som viktige, forstålege og relevante.»

NÅR VI NÅ bles neste omgang i gang, er det altså all grunn til å legge ballen til rette med gode forhåpningar. Det bør vera mogleg å innkassere mange fleire nettkjenningar framover dersom vi spelar kvarandre gode.

Eg trur det er grunn til å seia at statsministeren har rett når ho seier at nynorsken nå er i posisjon.

Hvorfor finnes det ikke bokstavkjeks på nynorsk å få kjøpt?

Mister Beanz på twitter

Først vil eg berre få det presisert at eg ALDRI kallar ein spade for ein spade. Bortsett frå akkurat no for å illustrere eit eksempel. Men elles kallar eg ALDRI ein spade for anna enn grave-reiskap på skaft i ulikt materiale brukt til fjerning av mindre masse.

Kjell Åsmund Sunde på Facebook

Samlagsrot

Signaturen i innkallinga til årsmøte i Samlagsrota.

Det er ikkje noko problem å lære nynorsk, det er ei ære å kunne det.

Ali Ahmed Dhadahow, moskéleiar i Vinje

Noregs Mållag reagerer på at det blir kutta i grammatikkundervisninga? Eg forstår at særinteresser reagerer, men vi må prioritere for å skape verdas beste skule. Slik er det berre.

Avtroppande leiar i Elevorganisasjonen, Rahman Chaudhry

Kollega, leser masteroppgaven min: «Jøss, du skrev den på sidemål.» Jeg: «Neida, jeg skrev den på nynorsk.»

Halvor Thengs på twitter

Det er inga bragd å skrive språket som er mitt. Ein får ikkje prisar for å stå opp om morgonen og smørje brødskiva, for å seie det sånn.

John-Ragnar Aarset, Årets nynorskbrukar 2018

Det er litt med nynorsk som det er med solkrem: Du er idiot om du ikkje brukar det.

Martin Årseth på twitter

I følge rundskriv V-9B/2016 skal alle statlige virksomheter som faller under målloven ha navn på både nynorsk og bokmål, dersom det ikke passer med det samme navnet i begge målformer. «OsloMet» stemmer ikke med noen av målformene. Hva er OsloMets navn på nynorsk og bokmål?

Skriftleg spørsmål frå Stefan Heggund til forsknings- og høgare utdanningsministeren.

Hvilken organisasjon gir ut Norsk Tidend?

Spørsmål 12 i Morgenbladet-kvissen 25. mai.

Byen er Bergen og laget er Mållaget
Magne Aasbrenn

2,2 kilo om nynorsk litteratur
Sunnmørsposten om nynorsk litteraturhistorie av Jan Inge Sørbo

«Kjeft gjer ikkje ilt» betyr, på ditt språk, «kjeft gjer ikke vondt».

Lothepus til Dagbladet

Gjer greie for nokre av verkemidla forfattaren bruker for å skildre Lothepus.
Eksamensoppgåve på Vg3

Ottar Grepstad utnemnd til riddar

H.M. KONGEN HAR utnemnt direktør Ottar Grepstad ved Nynorsk kultursentrum til Riddar av 1. klasse av St. Olavs orden.

Grepstad får utnemninga for innsatsen han har gjort for å fremje nynorsk språk, litteratur og skriftkultur.

– Dette er litt pinleg og mest stas. Eg har hatt god tid til å venje meg til dette, men står framleis utanfor tanken. Eg har gjort ein jobb og sikkert meir enn eg måtte, mest fordi det har vore kjekt og så mange fine folk eg har fått samarbeide med, seier Ottar Grepstad i ei pressemelding frå Nynorsk kultursentrum.

Tidlegare rådsordførar Grete Riise og tidlegare styremedlem Georg Arnestad i Nynorsk kultursentrum tok initiativ til å sende søknaden hausten 2016. Medunderskrivarar var forfattaren Jon Fosse, museumsdirektør Ivar Gunnar Braaten og Venstre-leiar Trine Skei Grande. Saman med søknaden følgde to tilrådingbrev frå rektor Dag



RIDDAR: Ottar Grepstad. Foto NPK

Rune Olsen ved Universitetet i Bergen og tidlegare forlagssjef Audun Heskestad i Det Norske Samlaget.

Riddar-dekorasjonen blir overreikt ved eit arrangement på Ivar Aasen-tunet i Volda onsdag 6. juni 2018.

Diagnoselister berre på bokmål

DET ER HELSEDIREKTORATET som gjev ut diagnoselistene. Det er ikkje nytt at diagnoselistene kjem berre på bokmål. Tidlegare har det gått an å redigere i fastlegane sine lister, men no er det slutt på det. Dei nye listene kan ikkje redigerast.

– Ei diagnoseliste er ein internasjonalt anerkjent katalog over dei medisinske tilstandane som finst. Ho listar opp ulike sjukdomar, men gjev ikkje krav på å vere fullstendig, fortel leiar i Medisinsk Mållag Arne Exner Nakling.

Det finst ulike diagnoselister. Ålmennelegane nyttar ei som heiter ICPC, medan Exner Nakling, som er spesialist i indremedisin og geriatri nyttar ei meir omfattande liste som heiter ICD-10. Desse listene vert importerte av journalsystemet i kommunane eller i helseføretaka, og når legane skal stille ein diagnose skriv dei inn koden frå diagnoselista. Men der listene før har kunna redigerast, er dei no låste.

No snur Direktoratet for e-helse. – Eg forstår det slik at dette dreier seg om helsefagleg kodeverk ICPC-2B (International Classification of Primary Care, versjon 2b). Denne er nyleg teken i bruk hos ein av fastlegane sine journalleverandørar der kodeteksten i dag er låst for redi-

gering, seier avdelingsdirektør Alfild Stokke i direktoratet.

– Avdeling helsefaglege kodeverk i Direktoratet for e-helse har nyleg gjort ei ny vurdering av saka, og vi rår no til å opne for å redigere teksten som er knytt til kvar kode. Då vil det sjølvsagt vere mogeleg å endre teksten til nynorsk. I vanleg fritext i journalen kan legen alltid skrive den presise diagnosen i ønskt målform, seier ho.

Dette vil gjere at legane som vil nytte nynorsk, får høve til det, men det vil framleis gje dei ekstraarbeid. No i juni 2018 skal det kome ein ny versjon av ICD-11, altså lista for dei legane som ikkje er fastlegar, fortel Exner Nakling.

– Etter 24 år med den gamle bokmålslista er det på tide at dette kjem på nynorsk. I dag må eg gå inn og redigere i kvar kode, det er eit stort arbeid. Hadde dette vore tilgjengeleg på nynorsk, hadde eg spara meg mykje arbeid. Ikkje berre finst det ikkje i nynorskversjon, men det heiter òg «ben» og «sten» som ikkje er oppdatert rettskriving på bokmål.

Kravet frå Medisinsk Mållag er at når den nye lista, som kjem frå WHO, skal omsetjast til norsk, så må ho kome på nynorsk.

MARIT AAKRE TENNØ
marit.tenno@nm.no

Aftenposten

Aftenposten og sjefredaktør **Espen Egil Hansen** har fått Målblome frå Noregs Mållag.

– **DET ER** fordi Aftenposten har vedteke nye språkreglar som tek eit langt steg i retning av å tillate nynorsk på redaksjonell plass, smiler Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Saman med kulturredaktør Sarah Sørheim fekk Espen Egil Hansen blome og diplom som eit synleg prov på at Noregs Mållag er svært glade for dei nye retningslinjene i Noregs største avis.

Skriftfesting av praksis

Espen Egil Hansen sette tydeleg pris på merksemda. Han understreka at moderat bokmål framleis skal vere viktigaste språket i avisa, og at nynorsk også i framtida vil vere unnataket.

Han sa at dei nye retningslinjene er ei skriftfesting av ein praksis avisa har blitt styrt etter i fleire år, og at dei kjem som ein konsekvens av samarbeidet med *Bergens Tidende*, av ein ny generasjon journalistar og at mediekvardagen er blitt meir mangfaldig.

– Dessutan vil eg hevde at det i 2018 vil vere umoderne å ha eit absolutt forbod mot nynorsk på redaksjonell plass, seier Espen Egil Hansen.

Nye spåkreglar

Kommentator Harald Stanghelle har vore med på arbeidet med å lage desse språkreglane for Aftenposten. Han seier til Medier24 at dette er språkreglar dei har arbeidd med ei stund.

– Dette er noko vi har jobba med ganske lenge, og det er fleire grunnar til det. Den eine er at vi har hatt behov for å gå gjennom våre eigne reglar, sidan det har vore litt uklart kva som var tillate og ikkje. Den andre grunnen er at vi samarbeider med regionaviser som med jamne



mellomrom har stoff på nynorsk som vi er interesserte i.

– Vi opnar for at nynorsk kan brukast av våre medarbeidarar i enkeltstående tilfelle, og denne bruken skal avklarast med linjeredaktør. Dessutan slår vi fast at innkjøpte nynorsktekstar og saker som våre samarbeidsaviser i Schibsted har skrive på nynorsk, som hovudregel ikkje skal omsetjast til bokmål.

– Det er ei klargjering, og også ei opning for nynorsk som vi ikkje har hatt tidlegare. I tillegg skal innsende debattinnlegg og kronikkar publisert i den målforma innsendaren sjølv har valt, og det same gjeld bidrag frå meldarar og kommentatorar som ikkje er tilsette i Aftenposten, fortel Harald Stanghelle.

Positive tilbakemeldingar

Magne Aasbrenn trur dette kan ha noko å seie for resten av språkpolitikken.

– Når også landets største avis opnar for nynorsk, viser det i praksis at både bokmål og nynorsk er offisielle norske skriftspråk. Dette har mange positive sider ved seg. Det aukar motivasjonen for å lære nynorsk hos sku-

I 2018 vil det vere umoderne å ha eit absolutt forbod mot nynorsk på redaksjonell plass.

Sjefredaktør **Espen Egil Hansen**
i Aftenposten

opnar for nynorsk



HEIDER: Kulturredaktør Sarah Sørheim og sjefredaktør Espen Egil Hansen saman med Magne Aasbrenn.

(Foto: Kjartan Helleve)

leelevar over heile landet, ikkje minst i dei såkalla nynorskområda. Det vil vere ei tilskunding for andre bokmålsdominerte aviser, som *Dagbladet*, til også endeleg å sleppe nynorsken til.

Kulturredaktør Sarah Sørheim seier at ho er glad for moderniseringa, og trur ikkje lesarane vil merke så mykje til endringa.

– Men dette vil altså seie at lesarane våre kan møte nynorsk på alle flater i avisa, i dei tilfella der det er naturleg. Det gjeld t.d. saker frå samarbeidsavisene våre som er skrivne på nynorsk.

Ho vil ikkje leggje seg opp kva val andre redaksjonar tek.

– Språk er ein viktig del av identiteten til ei avis, og eg tenkjer at det er ei avgjerd som er opp til ein redaksjon og ein redaktør å ta sjølv. Men på eit generelt grunnlag opplever eg at vi berre får positive tilbagemeldingar på å mjuke opp litt, og at våre lesarar er i full stand til å lese begge målformer. Så eg kan i alle fall spele inn at det å «utsetje» lesarane for meir enn éi målform nok ikkje er noko å frykte, seier Sørheim.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no

FAKTA

Retningslinjer for bruk av bokmål og nynorsk i *Aftenposten*.

1. Aftenpostens hovedspråk er moderat bokmål (Norsk ordbok, Kunnskapsforlaget). Det skal som hovedregel brukes av alle avisens medarbeidere.

2. Innsendte debattinnlegg og kronikker skal publiseres i den målform innsenderen selv har valgt. Det samme gjelder bidrag fra anmeldere og kommentatorer som ikke er ansatt i Aftenposten. Innlegg på nynorsk bør justeres i tråd med normen i Nynorskordboka, UiB/UiO/Språkrådet. Innlegg på bokmål skal følge Aftenpostens språknorm.

3. Nynorsk kan brukes av Aftenpostens medarbeidere i enkeltstående kommentarer, reportasjer og intervjuer. Denne bruken skal avklares med linjeredaktør.

4. Innkjøpte nynorskttekster og saker som våre samarbeidsavis har skrevet på nynorsk, skal som hovedregel ikke oversettes til bokmål. Tekstene bør justeres i tråd med normen i Nynorskordboka.

5. Førsteside-/fronthenvisninger til nynorskttekster skrives på moderat bokmål. Sitater gjengis på nynorsk.

6. Det kan finnes unntak fra disse reglene. Slike unntak skal alltid drøftes med sjefredaktør.

Mållaget skuffa over KrF

– Eg er skuffa over at KrF ikkje vil handsame fylkesnamna som dei kulturminna dei er og heller går inn for tilfeldige namn i strid med faglege tilrådingar, seier leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn. Det er no klart at KrF vil støtte framlegga til fylkesnamn frå regjeringa.

– Dei stortingspartia som no samlar seg om «Vestland», «Viken» og «Innlandet», skal vite at dei gjer det på tvers av råd frå både Språkrådet og alle oss andre, seier Aasbrenn.

– Fylkesnamna er språklege kulturminne og må bli behandla som det. Å byte ut eit gammalt fylkesnamn med eit nytt når fylka ikkje har hatt ein forsvarleg fagleg prosess rundt namnevala, er fagleg uforsvarleg.

Noregs Mållag krev at saka om nye fylkesnamn blir send på høyring før Stortinget gjer vedtak, og at det blir lagt stor vekt på namnefaglege råd i valet av nye fylkesnamn.

(NPK)



Får pris for god sportsnynorsk

Mangeårig journalist i NRK-sporten, **Harald Thingnes** (biletet), får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar 2018.

I grunngevinga heiter det at Thingnes i 20 år har vore ein markant historieforteljar i NRK-sporten. Han har som nynorskbrukar vore ein einsleg minoritet i den bokmålsdominerte sportsredaksjonen. Trass i at han har stått språkleg åleine, meiner juryen at Thingnes har vore eit føredøme for andre, og at han har vist at nynorsk eignar seg godt som sportsspråk.

– Orda og bileta til Thingnes smeltar mange gonger saman til rein forteljekunst, og er eit døme på noko mange kan strekkja seg etter, uansett målform. Thingnes har eit overskot av humor og forteljarglede som når langt fleire enn dei mest sportsinteresserte, meiner juryen.

(NPK)

Generalsekretæren i Høgre er Årets nynorskbrukar

Generalsekretæren i Høgre, **John Ragnar Aarset**, er kåra til Årets nynorskbrukar 2018 av Nynorsk kultursentrum.



Foto: Hans Kristian Thorbjørnsen

– Han får prisen for viljen til konsekvent bruk av nynorsk i politiske miljø der slike røyster trengst for å fremje nynorsk som sak og praksis, seier styret i Nynorsk kultursentrum i grunngivinga si.

– Dette er overveldande! Berre det å vere tenkt på i denne samanhengen er stor stas, seier John-Ragnar Aarset i ei pressemelding frå Nynorsk kultursentrum.

– Eg tok mine aktive val for nynorsk først som gymnasiast heime i Hallingdal, og vidare då eg blei leiar i Unge Høgre for 20 år sidan. For meg har det gamle slagordet om «Dialekt + nynorsk = sant» sidan vore heilt sant heile tida. Eg prøver etter fattig evne å motivere andre til den same erkjenninga og opplevinga, og denne prisen motiverer meg sterkt til å halde fram med det, seier den ferske prisvinnaren

Prisen er på 100.000 kroner og eit grafisk blad av Arne Nøst og blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela i Ørsta 7. juni. Aarset kjem til å gi prissummen til eit verdig føremål.

(NPK)

Nynorskstipend til Åsmund Husabø Eikenes

Åsmund Husabø Eikenes får 50 000 kroner i nynorskstipend for å skrive sakprosabøkene *Høg fem* og *Sprut*. Målgruppa for desse to illustrerte bøkene er barn i alderen mellom seks og ni år.

– Utgjevingane *Høg fem* og *Sprut* er med på å bote på eit problem vi i Mållaget har sett lenge, nemleg at det er ein stor mangel på sakprosabøker på nynorsk for barn, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag

Kvart år deler Noregs Mållag ut to nynorskstipend på 50.000 kroner. Midlar til stipenda får vi av Kulturdepartementet, og føremålet er å hjelpe fram gode prosjekt som kan fremje nynorsk på alle samfunnsområde. Det eine skal gå til ei kvinne, og det andre skal gå til ein mann.

– Vi veit at alle små, nysgjerrige småskolebarn vil få tilgang til fagleg fundamentert informasjon på nynorsk, og derfor er vi begeistra for å dele ut det eine nynorskstipendet for 2018 til Åsmund H. Eikenes, seier Magne Aasbrenn.

Stipendiat Åsmund H. Eikenes har ein doktorgrad i cellebiologi frå Universitetet i Oslo. Gjennom utdanning og jobberfaring har han solide kvalifikasjonar for å kunne gjennomføre desse prosjekta. Han har fått mykje ros for si fyrste sakprosabok frå 2016: *Handboka, alt du vil vite om hendene dine – og litt til*.

HEGE LOHE



(Foto: Gro Morken Endresen)

Ole Rolfsrud heidra med mediemålpris

Programleiar og sportsjournalist i NRK, **Ole Rolfsrud** (42) har fått Alf Helleviks mediemålpris 2018 for bruken sin av nynorsk.

Prisen blei delt ut på årsmøtet til Litteraturselskapet Det Norske Samlaget.

– Rolfsrud får prisen for å vera ein tydeleg og leiken nynorskbrukar gjennom mange år i NRK Sport og for å ha pløgd ny mark som laurdagsunderholdar i programmet «Alle mot 1» på NRK 1, skriv forlaget i pressemeldinga.

Det blir også trekt fram at

Rolfsrud har skilt seg ut med ein munnleg og ledig nynorsk både på tv og radio.

– Gjennom entusiasme, sportsglede, humor og alvor viser han eit lett og variert språk, heiter det.

Ole Rolfsrud kjem frå Brandal i Møre og Romsdal og har vore knytt til NRK sidan 2003.

Alf Helleviks mediemålpris går til yngre, faste nynorskbrukarar i radio og fjernsyn som legg vekt på å dyrka eit normalisert nynorsk talemål. Prisen er på 25.000 kroner.

(NPK)

Kva kjenneteiknar nynorsk skjønnlitteratur og nynorske forfattarskap? I eit nytt storverk på 680 sider kan folk no få innsikt i den **nynorske litteraturen** frå Ivar Aasen si tid og fram til i dag.

NYNORSK LITTERATURHISTORIE:

Samla for første gong

ITO OG eit halvt år har professor i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda, Jan Inge Sørbø, dukka ned i over 150 ulike forfattarskap og teke for seg dei store linjene og ulike epokar frå Ivar Aasen si tid og fram til i dag. Sørbø håpar den nye litteraturhistoria kan vera med å kasta nytt lyst over nynorsk litteratur.

– Eg trur ein får ny innsikt i nynorsklitteraturen ved å sjå på han som sin eigen tradisjon. Det

betyr ikkje at han er uavhengig av annan litteratur. Men nynorsklitteraturen har nokre spesielle sider, seier han.

Han peikar mellom anna på at nynorskskolk gjerne hadde ei anna geografisk tilknytning og ofte såg dei litterære periodane frå ein litt annan vinkel enn andre forfattarar. Ifylgje forlaget viser Sørbø både korleis nynorske forfattarar har forma dei litterære periodane dei levde i – og oppnært mot dei.

Ved å bruka sitt eige språk og erfaringane der dei kom frå, har nynorske forfattarar vore med på å gje stemme til folk frå ulike plassar i landet.

Rosar banebrytande kvinner

I boka løftar Jan Inge Sørbø fram ei rekkje forfattarskap. Ikkje minst har han vore oppteken av å trekka fram nynorske kvinnelege forfattarar som han meiner ikkje har blitt nok påakta.

– Ser ein på dei store kvinnelege forfattarane har nesten alle gjort nye, spesielle ting. Halldis Moren Vesaas skriv til dømes mykje meir lett og dansande enn store, tunge forfattarar som Aukrust og Nygard. Aslaug Vaa skreiv på si side filosofiske dikt som var heilt eineståande, og Marie Takvam føregreip mange litterære periodar før dei kom, seier han.

Poeten Eldrid Lunden er også blant dei han nemner spesielt. Det

Framtida til nynorsklitteraturen ser god ut. Det har aldri debutert så mange nynorske forfattarar. Nynorskforfattarar får veldig mange prisar.

Jan Inge Sørbø



GURO KVALNES

Dagleg leiar i Kringkastingsringen

Bygdefin?

«**DU E EIN** toer i Oslo, men ein nier på Stryn» (Bygderøyst)

EITT STEG FRAM og to attende. Slik kjennest det stundom for oss som driv med målsaka. 10. mai var ein slik dag, til dømes.


FOR DET VAR ein gledeleg dag då ein kunne følgje med på alle dei herlege oppslaga frå den aller første «Bygdepride» i Volda og Ørsta. Befriande var det å sjå korleis fordommar vart til skamme både for bygda og for homosaka. Sjølv sagt skal du fritt få leve ut kjærleiken uavhengig om du bur i by eller bygd, om du er saman med ei kvinne eller ein mann.

GLEDA VAR TILSVARANDE stor då me i Kringkastingsringen kunne lese nokre av oppslaga i VG frå paraden på nynorsk. Saka vart ført i pennen av tidlegare nynorskpraktikant Espen Breivik, og me kunne ikkje ha vore meir stolte. Etter kring eitt år med drypp av nynorsk i riksavisa VG har dei ikkje motteke ei einaste klage. Dette må dei take som teikn på at nynorskforbodet for lengst er utdatert! Men som nestleiar i Noregs Mållag, Jens Kihl, uttalte i samband med saka:

– Det kjem sikkert til å ta litt tid, men det tok oss 199 år, 11 månader og 3 veker å få Grunnlova på nynorsk, så målfolket er vane med å vente. Ting tek tid, og ei oppmjuiking av språkpolitikken i riksavisa VG er ikkje synonymt med eit paradigmeskifte. Somme spøkelse er det også vanskeleg å bli bukt med.

FOR MEDAN ME ventar på opphevinga av forbodet, merkar me i Kringkastingsringen at tendensen til at nynorsk berre vert nytta i særskilde høve, til særskilde tema og intervjuobjekt, ser ut til å halde stand. Dekninga av «Bygdepride» på nynorsk er i så måte berre eit teikn på dette.

AT NYNORSK PASSAR best på bygda, til emne som høyrer bygda til, er framleis ei seig nøtt. Meir nynorsk i rikspressa er alltid ei gladsak, men heftar oss likevel ved den litt stemoderlege behandlinga nynorsken får. For poenget er at nynorsken er eit levande og dugnade språk til alle høve og til alle emne. Frå høgt til lågt. Nynorsken er slettes ikkje berre «bygdefin».



SJØLVSTENDIG: – Eg trur ein får ny innsikt i nynorsklitteraturen ved å sjå på han som sin eigen tradisjon, seier Jan Inge Sørbø.

Foto: Agnete Brun.

same er sunnhordlandsforfatteren Karin Moe.

– Alle desse store kvinnefigurane bryt ut. Fordi dei bryt ut står dei alltid i fare for å bli marginalisert, seier han.

Det har han prøvd å gjera noko med.

– Eg prøvd å ha eit blikk på å få med kvinner og synest det er morosamt at eg har blitt kalla ein moderne feminist.

– Lys framtid

Sjølv om den nynorske litteraturhistoria inneheld mange forfattarskapar, har tilgangen på nynorske forfattarar ikkje alltid sett like lovande ut. På

slutten av 1950-talet og byrjinga av 1960-talet var situasjonen kritisk.

– På eit heilt tiår var det ganske få forfattarar som debuterte på nynorsk. Då var det bekymring for at den nynorske litteraturen kom til å døy ut, seier Sørbø.

I boka vitsar han med at nynorsklitteraturen blei redda av dåverande kyrkje- og undervisningsminister Kjell Bondevik og Bod Dylan. Poenget er at Bondevik var med å innføra innkjøpsordninga, som blei viktig for nynorsklitteraturen. Det same blei studentrevolusjonen med dis-

triktsopprør og radikalitet.

– Det var ting som passa nynorsken veldig godt. Samtidig kom det store etterkrigskull som tok til å skriva bøker. Då vart det brått ei heilt ny stemning.

I dag ser professoren og forfatteren lyst på framtida til nynorsklitteraturen.

– Framtida til nynorsklitteraturen ser god ut. Det har aldri debutert så mange nynorske forfattarar. Nynorskforfattarar får veldig mange prisar. Det er også mindre fordommar mot å lesa nynorsk.

MARGUNN SUNDFJORD
NPK

Fråsegrner vedtekne på landsmøtet 2018

EI NY OPPLÆRINGSLOV MÅ SIKRE

NYNORSKELEVANE: Eit utval utnemnt av regjeringa arbeider med ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om opplæringslova og skal levere utgreiinga si i desember 2019. Etter det skal ei ny opplæringslov arbeidast fram.

Noregs Mållag har tre hovudkrav til den nye lova:

Dei språklege rettane må vidareførast og styrkjast
Dagens rett til å sikre opplæringa i både nynorsk og bokmål må halde fram. Det er viktig å sikre tidleg start med sidemål og ei sidemålsordning gjennom ungdomsskulen og studieførebuande vidaregåande opplæring, som har eigen standpunktarakter og avsluttande eksamen i vidaregåande skule.

Språkvedtak i kommunen er ein viktig føremøn for kva språk som vert undervist i skulen. Dette skal også styre språkvalet i norskopplæringa i vaksenopplæringa.

Staten må ta ansvar for at desse rettane vert oppfylte

Læremiddel er nasjonale, ikkje kommunale. Det kan ikkje vere berre skuleeigar sitt ansvar at elevane får nynorske læremiddel. Staten må sikre at læremiddel kjem på bae språk til same tid og pris. I dag er det alt for mange kommunar som ikkje tek på alvor kravet om at dei læremidla som vert nytta i skulen, skal vere på nynorsk. Dette gjeld særleg nye digitale læremiddel, der utvalet på nynorsk er dårleg. Staten må syte for ei godkjenningssordning for læremiddel som gjer at skulane enkelt kan skaffe seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk. Dette gjeld både trykte og digitale læremiddel, og må også gjelde læremiddel i norskopplæringa for vaksne innvandrarak.

Retten til språkdelte klassar ut heile grunnskulen
Stortinget vedtok i 2016 å utgreie saka om Odda-modellen, men saka er enno ikkje lagt fram for Stortinget. Heller ikkje Utdanningsdirektoratet har gjort ferdig si handsaming. Noregs Mållag meiner at saka er eitt år på overtid, og krev at Regjeringa legg saka fram for vedtak i laupet av 2018.

Det bør vere ein rett å gå i nynorsk-klasse i alle nynorskkommunar og i dei store byane. Kravet frå 2003 om at det skal vere minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet, bør innførast igjen. Eit slikt krav vil hindre unødvendig utarming av nynorskklassane.

Noregs Mållag krev at:

- dei språklege rettane til nynorskelevane vert vidareførte og styrkte i den nye opplæringslova
- staten tek større ansvar for å sikre at desse rettane vert oppfylte
- elevane skal ha rett på språkdelte klassar ut heile grunnskulen (Odda-modellen)

STORTINGET MÅ TA STYRINGA OVER FYLKESNAMNA:

Noregs Mållag krev at saka om nye fylkesnamn blir send på høyring før Stortinget gjer vedtak, og at det blir lagt stor vekt på namnefaglege råd i valet av nye fylkesnamn.

Regjeringa kom 6. april med framlegg til nye fylkesnamn, og saka ligg no i Stortinget. I strid med namnefaglege råd og trass i stor folkeleg motstand har regjeringa gått inn for namna «Vestland», «Innlandet» og «Viken». Noregs Mållag reagerer sterkt både på desse framlegga og på sakshandsaminga. Regjeringa har brote utgreiingsinstruksen ved ikkje å senda saka på høyring, og regjeringa har heller ikkje høyrte på sitt eige sakkunnige organ i namnesaker, Språkrådet. Dette føyer seg inn i ei rekke av saker der regjeringa har

Mållaget len

Det var ein handlekraftig organisasjon som møttest til landsmøte i Vinje i april.

AASMUND OLAVSSON VINJE ville nok ha kosa seg i grava på Gran om han hadde fått høyre om Noregs Mållag sitt landsmøte 2018. Ikkje berre fann det stad i Vinje i jubileumsåret hans, nynorsk journalistikk var også eit av hovudemna. Han ville nok ha likt det Olav Vesaas fortalde om han sjølv, men det spørst om han ikkje helst ville ha høyrte Frøy Gudbrandsen snakke om «vilkåra for den motkulturelle journalistikken i dag».

Det var ein høgst levande og potent organisasjon som vitja heimstaden hans. Over 180 utsendingar tok ordet oftare enn kva som har vore vanleg, og det mangla ikkje på endringsframlegg korkje til det nye arbeidsprogrammet eller til fråsegnene. Særst gledeleg var det at fleire kvinner tok ordet på dette landsmøtet enn kva som har vore vanleg.

I leiartalen trekte Magne Aasbrenn opp dei språkhistoriske linjene, og starta med den djerve Vinje som sa opp stillinga si i Drammens Avis for å starte Dølen. Optimismen var til å ta og føle på for det nye skriftspråket. Utan å dvele for lenge ved jubelanten, synta Aasbrenn vidare korleis det hadde gått opp og ned med målrei-

singa. Han trekte fram lågpunktet i 2012, då dåverande utdanningsminister Kristin Halvorsen ymta fram på om at det ikkje var sikkert at nynorsken var i live to tiår seinare. Aasbrenn meinte ho ikkje kunne ha teke meir feil, og at eit sterkt Noregs Mållag var eit tydeleg svar.

– Fylkes- og kommunereforma landet blei kasta ut i, gav oss endå eit eksempel på at når posisjonen til nynorsken blir utfordra, så ligg det ein opinion latent som lar seg engasjere til forsvarskamp. Då det såg ut til at det nye storfylket på Vestlandet skulle få nøytral språkform hausten 2016, førte høyringsprosessen til eit overveldande røystetal for nynorsken og ein tilsvarande medlemsauke for Noregs Mållag. Fylkes- og kommunesamanslåingsprosessane er gode eksempel på at den store politikken kan prege den vesle språkpolitikken, men dei er òg eksempel på at omgjeringar på det «store» planet, kan opne opp for betre ordningar om målrørsla er vaksam og følger med på det som skjer, sa Aasbrenn som gleda seg stort over eit rekordstort landsmøte, eit rekordhøgt medlemstal og fleire viktige målpolitiske sigrar dei siste åra.

– Det at styresmaktene sit med dei viktigaste korta, tar ikkje bort ansvaret og verdien av innsatsen den enkelte nynorskbrukar og mållagsmedlem kan bidra med. Alle framgangane målrørsla har opplevd sidan nynorsken skulle begynne å kverve i 2012, viser det. Blant dykk som sit her i dag, er det så mange som har vist at nett den personlege innsatsen, «ljuset me hev innvertes» er viktig, sa Aasbrenn.

Arbeidsprogram

Trua på kva organisasjonen kan få til, spegla også innleiinga til nestleiar Jens Kihl, då ha la fram framlegget til nytt arbeidsprogram.

– Det folkelege engasjementet for nynorsk er sterkt og aukande. Det er vår største styrke og viktigaste grunn til å vinne fram med krava våre. Vi skal vedta eit svært ambisiøst program. Eg trur likevel fullt og fast på at vi skal få til mykje av det vi set oss føre. Det vi får til, får vi til fordi vi gjer det saman. Den styrken er det ingen



– Me vil at Mållaget skal setje seg mål om 15 000 medlemer og 10 fleire lokallag,

Fredrik Hope,
leiar i NMU

som kan ta frå oss, sa Kihl laurdagen.

I ordsiftet som følgde var det tydeleg at framlegget engasjerte. Då programmet, som no hadde fått tittelen «Nynorsk for alle», skulle opp til vedtak sundag, måtte utsendingane halde greie på over seksti sider med endringsframlegg. I nyvinninga «Ungdomens tale» gjorde NMU-leiar Fredrik Hope framlegg om at Mållaget like godt burde sikte på å bli 15 000 medlemer.

– Me vil at Mållaget skal setje seg mål om 15 000 medlemer og 10

sett vekk frå råda til Språkrådet, som i fleire kommunenamn og OsloMet. Heller ikkje dei nye fylka har hatt forsvarlege faglege prosessar før vedtaka om nye fylkesnamn. Tvert om er namnevala resultat av politiske kompromiss, med «Vestland» som det verste dømet.

Då dagens fylkesnamn vart vedtekne i 1918, var det resultat av eit større fagleg utgreiingsarbeid, ein omfattande høyringsrunde og ein grundig politisk prosess. Det er ei gåte for Noregs Mållag at styresmaktene ikkje har prioritert dette i 2018.

Valet av fylkesnamn har store konsekvensar. Namna er ikkje berre namn på fylkeskommunar, men er inndelingsnamn som går inn i allmenn språkbruk og som kan bli ståande i fleire hundre år. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner difor det er særst

viktig at Stortinget no tek styringa over prosessen og syter for ei forsvarleg saksførehaving.

LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG KREV MEIR NYNORSK I NYE KOMMUNAR OG FYLKE: 119 kommunar skal slåast saman til nye, større kommunar. Sju av samanslåingane er mellom ein nynorskkommune og kommunar som er rekna som bokmålskommunar eller språknøytrale kommunar. Landsmøtet i Noregs Mållag krev at desse kommunane får ekstra støtte til å fylgje opp ansvaret sitt med å take vare på nynorsken.

Språkbruken i kommunane har mykje å seie for den språklege framtida for nynorsken. Når tidlegare nynorskkommunar vert slegne saman med kommunar med mindre nynorsk, må den nye kommunen

ner seg frametter



HEKTISK: Nestleiar Jens Kihl har leia arbeid med det nye arbeidsprogrammet. (1) Gledelig mange hadde synspunkt på framlegget, og landsmøtet måtte ta stilling til ei lang rekke endringsframlegg. (2) Heldigvis vart det også tid til ein luftetur på Plassen, der Aasmund Nordstoga tok i mot og synte rundt. (3) Foto: Live Havro Bjørnstad

fleire lokallag, få inn eit punkt om at Noregs Mållag er ein valkamporganisasjon, og satse på fleire unge vaksne tillitsvalde, sa Hope.

Kampanje

Det er ikkje landsmøte utan at ein dreg i gang ein ny kampanje. Det har vore uro kring tilgangen på digitale læremiddel for nynorskelevane, og kampanjen «Oppdater!» skal syte for at det blir orden i ranselen.

– Læremiddel på hovudmål er ein rett. Nynorskelevane ser mindre av språket sitt rundt seg enn bok-

målselevane gjer. Difor er det særleg viktig at digitale læremiddel kjem i nynorskutgåver, men skuleeigarane og produsentane sviktar. Konsekvensen er at nynorske klasserom fløymer over med digitale læremiddel på bokmål. Det må ta slutt. Digitale læremiddel er også læremiddel, sa styremedlem Inger Johanne Sæterbakk då ho presenterte kampanjen.

Kampanjen var også emne på eitt av dei parallelle seminara søndag. På dei andre seminara presenterte Øystein Skjæveland sin eigen rapport *Om nynorsk journalistikk i dag*, og

Jon Todal synta til døme frå same-rørsla som målrørsla kunne trekkje lærdomar frå.

På førehand var det knytt ein viss skepsis til alle bussturane knytt til møtet. Men dei langsvegsfarande både frå Oslo og Bergen hadde ei fin reise, om ein då ser vekk i frå eit ørlite motorhavari på heimvegen austover. Det var eit stykke frå landsmøtesalen i Åmot og hotellet, men det vart fort gløymd med Kultur-turen til Midtbø og Plassen. Med Aasmund Nordstoga og Olav og Guri Vesaas som guidar, fekk utsen-

dingane ei oppleving dei seint vil gløyme. Særleg ikkje dei som gjekk på ryggen i vår-søla. Dei var fleire som bomma litt på skotøyet.

Med ei heilt utruleg lang liste med vedtak søndagen, var ikkje tidsnauda til å unngå. Løysinga vart å skuve fram valet av nytt styre og få dei bussreisande av garde. Det vart eit ørlite antiklimaks på eit sær sars vel-lukka og framoverlent møte, men ikkje verre at ein alt har byrja å gle seg til neste gong ein skal samlast.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

halde fram med å bruke nynorsk og ha ein medviten språkpoli-tikk. Dette er særleg viktig for nynorsken og nynorskbrukarane, som er i mindretal nasjonalt og i mange tilfelle kan verte i min-dretal i den nye kommunen. Språkarbeidet i ein kommune krev arbeidstid, kurs og investeringar, men i større mon gode rutinar og språkleg medvit. I desse kommunane trengst det også ei sær-leg satsing og ekstra støtte frå staten si side.

I fleire av fylkessamanslåingane ser me at nynorsken kjem i små mindretal. Dette gjeld fylke der nynorsken alle-reie har eit sterkt bokmålspress, og det vert ekstra viktig å sikre nynorsken i respekt for mindretalet i dei nye fylka.

Landsmøtet i Noregs Mållag vil trekkje fram tre tiltak Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan setje i

verk for å stø kommunane og fylka som står midt i saman-slåingsarbeidet. Tiltaka vil vere med på å sikre at nynorsken ikkje kjem svekt ut av kommunesamanslåingane, som var eit krav frå kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget då kommunereforma vart handsama:

1 Eigne samlingar for nye kommunar og nye fylke for å sikre tenleg nynorskbruk etter samanslåing

For å sikre at fellesnemndene, kommunestyra og fylkestinga planlegg for å sikre nynorsken både i admi-nistrasjonen, informasjonen til innbyggjarane og i drift til dømes knytt til skulen, kan slike samlingar avklare problemstillingane og korleis ein praktisk løyser dei.

2 Økonomisk støtte for å sikre gode overgangsordnin-gar og ordningar for nynorsken

Stortinget har løyvd pengar til overgangsordningar for kommunane og fylka. Det bør også stillast midlar til rådvelde for å lage og setje i verk språkbruksplanar, kurse tilsette og sikre midlar til at nynorskelevane ikkje vert råka av samanslåingane.

3 Utgreiing for å sikre gode nynorsk kommunar i framtida

Kommunal- og regionaldepartementet bør lage ei utgreiing som ser om det er mogleg å innføre eit tydelegare regelverk, tydelegare rettar og planverk, og politikk rundt det å vere

ein nynorsk-kommune. Regelverket bør innehalde fleire statlege gode for å vere ein nynorsk-kommune, og medføre tilsyn for å sjå til at innbyggjarane får oppfylt rettane sine.

MÅLLAGET KREV DIGITALE LÆRINGS-VERKTØY PÅ NYNORSK: Ei av hovudoppgåvene skulen har, er å gjera elevane til trygge språkbrukarar. Det er viktig at elevane møter språket sitt heile tida, særleg i den fyrste lese- og skriveopplæringa. Nynorskelevane må møte like mykje nynorsk i den digitale skulekvardagen som dei gjer i den analoge. Tradisjonelle læreverk er i ferd med å bli bytte ut med eit mangfald av digitale læringsressursar og oppslagsverk. Fleire av desse vil koma i staden for tradisjonelle læreverk. Kunnskapsdepartementet må ta hovudansvaret for at også dei digitale læringsverktøya blir tilgjengelege på nynorsk.

Det utdaterte skiljet mellom læreverk og tilleggsressursar må opphevast. Difor må også digitale tilleggsressursar bli omfatta av prinsippa i opplæringslova. Det står i forskrift til opplæringslova kapittel 17 at også digitale læreverk skal koma på den målforma eleven ynskjer. Det er ingen grunn til at dette ikkje skal gjelda digitale læringsressursar. Sjølv om det er pedagogiske føremoner med dei nye verktøya, er det få produsentar som har laga nynorske utgåver av desse nye ressursane. Resultatet er at elevane med nynorsk som hovudmål, møter bokmål langt oftare enn tidlegare. Det strir med gjeldande pedagogiske retningslinjer.

Noregs Mållag krev:

- Om det ikkje finst ei nynorskutgåve av det digitale læremiddelet, skal det ikkje takast i bruk i skulen.
- Kunnskapsdepartementet bør få utarbeidd ein læremiddelportal der skuleeigarar kan finna lovlege læremiddel.
- Kunnskapsdepartementet bør straks fylgja opp skuleeigarane med eigne tilsyn.
- Prinsippa for språk i alle læremiddel må vidareførast i den nye opplæringslova. Alle læremiddel som er i bruk i skulen, skal koma i nynorsk- og bokmålsutgåve. Kontorstøtteprogram og operativsystem skal finnast på begge målformer.

NYNORSK I LÆRARUTDANNINGA:

Noregs Mållag viser til at norsk-kunnskapane til lærarane er avgjerande for god undervisning i skule og barnehage. Me er difor urolege over situasjonen i dag med svært mange ufaglærte arbeidstakarar i barnehage og skule. Dei ulike barnehagelærar-, lærar- og lektorutdanningane må syta for at framtidige lærarar har god kompetanse i både nynorsk og bokmål. Dette må også gjelda praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Slik kompetanse er også viktig for lærarar som skal undervisa i andre fag enn norsk, fordi språkopplæring skjer både i barnehagane og i alle timar og i alle fag i skulen. For at lærarstudentane skal få denne kompetansen, må dei få god opplæring i nynorsk og nynorskdidaktikk i utdanninga. Utdanningsinstitusjonane må spesielt leggja til rette for opplæring for at studentar som har hatt fritak, får tilstrekkeleg opplæring i dette i løpet av utdanninga si. Også lærar- og lektorstudentar utan norsk i fagkrinsen skal kunna nynorsk. For å sikra opplæringa til nynorskelevane i alle fag må både matematikklærarar og samfunnsfaglærarar kunne læra bort faget sitt på nynorsk. Derfor må også desse studentane få opplæring i nynorsk i lektorutdanninga, og få innsikt i den nynorske fagterminologien. Alle lektorstudentane må også kjenna til språksituasjonen og dei språklege rettane til elevane. Noregs Mållag meiner at det ikkje skal kunna gjevast fritak for vurdering i sidemål i lærar- og lektorutdanninga. Skulemål og språkopplæring er ein for viktig del av

Styret i Noregs Mållag 2018-2020

Landsmøtet valde desse til å styra laget dei neste to åra: **Magne Aasbrenn** (leiar), **Jens Kihl** (nestleiar), **Inger Johanne Sæterbakk**, **Peder Lofnes Hauge**, **Mariann Schjeide**, **Helen Urdland Karlsen** og **Fredrik Hope** (NMU). Varafolk vart **Marianne Granheim Trøyflat** (1. vara), **Anders Riise** (2. vara), **Birgitta Lim Ersland** (3. vara) og **Øyvind Fenne** (4.vara). Varfolk for NMU er **Gunnhild Skjold** (1. vara) og **Eline Bjørke** (2. vara).



Litteraturprisen til Nilssen

På landsmøtet fekk **Olaug Nilssen** utdelt **Nynorsk litteraturpris 2017** for boka *Tung tids tale*. Boka er gjeven ut på Samlaget. Det er Det Norske Teatret, Det Norske Samlaget og Noregs Mållag som står bak prisen, som er på 30 000 kroner.

– Årets vinnar av Nynorsk litteraturpris er ein uvanleg sterk roman, meinte juryen om *Tung tids tale*.
– Det er lenge sidan eg har vore på landsmøtet i Noregs Mållag, og eg tykkjer det er stor stas å kome tilbake. Eg er stolt, glad og utruleg takksam for prisen, sa Olaug Nilssen då ho tok imot prisen.



FOTO: Bø blad har fått Målblome frå Noregs Mållag. Frå venstre: Jens Kihl, nestleiar i Noregs Mållag, Synnøve Sudbø Kleppe og Gro Birgitte Røiland i Bø blad og Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Foto: Marta Kjøllesdal, Bø blad

Målblomen til Bø blad

Bø blad fekk **Målblomen 2018** fordi *Bø blad* frimodig brukar nynorsken og stør opp under dialektane lokalt.

– Vi tykkjer det er viktig at *Bø blad* held på nynorsken når dei no skal utvide dekningsområdet til å dekkje både Sauherad og Bø, sa Magne Aasbrenn, då han saman med nesteleiar Jens Kihl vitja redaksjonen.

kvardagen til nyutdanna lektorar. Vitnemåla frå lektorutdanningane skal syna to norskkarakterar, ein i nynorsk og ein i bokmål. Nokre lærestader bør få eit nasjonalt eller eventuelt regionalt ansvar for etterutdanning av lærarar i nynorsk. Ein må då sikra tilgang til etterutdanning i aust, vest, midt- og nord.

SLEPP NYNORSKEN TIL I DAGBLADET! Noreg er eit samfunn med eit sterkt språkleg og kulturelt mangfald. Dersom *Dagbladet* ønskjer å spegle dette mangfaldet, må avisa sleppe nynorsken til på redaksjonell plass.

Nynorsk og bokmål er jamstilte språk i Noreg. Det er over ein halv million nynorskbukarar i Noreg, og endå fleire som har nynorsk som sidemål. Talet på nynorske språkbrukarar er langt høgare enn opplaget til *Dagbladet*, som i dag er den fjerde største avisa her til lands. Likevel er det i 2018 framleis forbod mot å skrive nynorsk på redaksjonell plass i avisa. Mens landets største avis, VG, har sleppt nynorsken til i spaltene sine og på nettsida si, tviheld *Dagbladet* på forbodet mot eitt av dei to norske språka. Det er ein praksis som diskriminerer både lesarane og dei nynorskspråklege journalistane.

Forbodet mot nynorsk bryt også med *Dagbladet* sin eigen tradisjon. Avisa vart danna i miljøet rundt journalisten, diktaren

Målprisen til Øvrebotten

Magni Øvrebotten (biletet) vart heidra med Målprisen 2018. Ho er leiar for NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Ho kjem frå Botnane i Bremanger, bur i Naustdal, og har vore leiar for Nynorsk mediesenter sidan starten i 2004.



– Magni Øvrebotten er ikkje berre eit nynorsk førebilete i mediebransjen. Ho er også eit førebilete for oss i målrørsla, ja for alle som kjempar for ei politisk sak. Denne viljen til språk som Magni har synt, gir oss pågangsmot, sa Inger Johanne Sæterbakk då ho høgtideleg delte ut heideren under landsmøtemiddagen.

Magni Øvrebotten var svært glad for å ta i mot Målprisen 2018 og takka varmt for prisen.

– Eg vil takke for at Noregs Mållag har eit slikt sterkt engasjement for nynorsk journalistikk. Det treng vi. Eg har tru på at det no kjem fram ein ny redaktorgenerasjon som er litt meir vågale og slepp nynorsken til, seier Magni Øvrebotten

Heidersmedlemer

I samband med landsmøtet utnemnde styret **Oddny Miljeteig** og **Olaf Almenningen** til nye heidersmedlemer.



I tala til **Oddny Miljeteig** (biletet) la Magne Aasbrenn vekt på at ho har lang fartstid i Mållaget, og tidleg la ned ein innsats som vart lagt merke til.

– Det er likevel innsatsen i 2012, etter at dåverande kunnskapsminister Kristin Halvorsen frå SV ville svekke sidemålsordninga, som gjorde Oddny Miljeteig til legende i Mållaget, sa Aasbrenn.

– Vervekampanjen hennar er heilt utan sidestykke i Mållaget. Ein ting er at ho verva over 540 medlemmer til Mållaget. Det er eit heilt uforståeleg godt tal. Det andre, som er like viktig, er at ho skapte blest og glød rundt saka. Ho gav alle dei som ikkje vil at nynorsken skal setjast bort til pynt, eit eige språk: Er du for nynorsk, er du medlem i Mållaget, sa Magne Aasbrenn.

Oddny Miljeteig var både stolt og takksam for å få prisen.

– Då Ivar Aasen gav ut «Ordbog over det norske Folkesprog» i 1850, var det ei handbok i språkleg frigjerung, seier Oddny Miljeteig, og legg til at nynorsken skal vere eit kvardagsspråk, eit skriftspråk til frigjerung.



Olaf Almenningen (biletet) kjem frå Voss og kom tidleg inn i organisert målarbeid. Han byrja å studere i Bergen, og der vart han aktiv i Studentmållaget i Bergen. Han vart redaktør for eit blad dei kalla *Vestlandsfa'n*. Så vart han nestleiar i Norsk Målungdom frå 1972 til 1973, og deretter dagleg leiar i Noregs Mållag i 1976 berre 29 år gamal. Han var i denne stillinga fram til 1987, med nokre studiepermisjonar innimellom. Der skreiv han hovudfagsoppgåva *Målstrev og målvokster* om framveksten av målrørsla frå 1905 til 1913. Han var òg tidleg med på å samle inn store mengder data om skulemålsrøystingar.

Frå 1987 var Olaf redaktør i *Norsk Ordbok* der han har hatt stilling som professor. Dessutan har han eit hjarte som brenn for målføra i bygd og by. Frå hausten 1988 var han medlem av målovsnemnda, som blant anna i 89–90 sende frå seg over 500 brev om målvokssaker og jamstillingskrav. Olaf Almenningen er ein stor kjennar av målreisingsoga og har gjort seg nytte av denne kunnskapen i fleire bøker.

og målmannen Aasmund Olavsson Vinje, og var i mange år kjend som landets viktigaste radikale kulturavis. *Dagbladet* har på leiarplass tatt til orde for obligatorisk sidemålsundervisning i Noreg, også i dei seinare åra. Det viktigaste *Dagbladet* kan gjere for å styrkje sidemålsundervisninga, er å gjere nynorsk og bokmål til jamstilte språk i eigne spalter. Avisa kan då bidra til å auke den språklege toleransen og den språklege sjølvkjensla her til lands. Gjennom å gje nynorsken plass i spaltene, ville *Dagbladet* synt at dei er ei ekte riksavis, ikkje ei lokalavis for Oslo.

Det er over ein halv million gode grunnar til å sleppe nynorsken til på redaksjonell plass i *Dagbladet*. For ei moderne avis i eit demokratisk samfunn er det ingen gode grunnar til å la vere.

STOPP DOMENETAPET I AKADEMIA: For å sikre at norsk held fram å vere det dominerande språket i Noreg, er det viktig å styrke stillinga til norsk språk på mange område. Eit av dei viktigaste områda å hindre dette domenetapet på er akademien.

Det er viktig å kunne tenke, forske og formidle på morsmålet sitt. Universitet og høgskular i Noreg utdannar ungdom som skal ut i arbeidslivet både innanfor og utanfor akademien. For at sjukepleiarar, lærarar, juristar, journalistar og sosialarbeidarar skal vere trygge på å gjere jobben sin på norsk, er det viktig at universiteta



INNSEL: Else Berit Hattaland gav Kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner råd om korleis han kan sikra digitale læremiddel på nynorsk.

Foto: Live Havro Bjørnstad

Vil ordne opp i den digitale læremiddelsituasjonen

– **DET ER IKKJE** greit at ein ikkje fylgjer lova. Ho er heilt tydeleg og gjeld både digitale og analoge læremiddel. Dette skal me få til, seier Jan Tore Sanner, kunnskaps- og integreringsminister, til landsmøtet i Noregs Mållag.

Då han kom til landsmøtet i Vinje opningsdagen, brukte han delar av taletida si til å snakke om den viktigaste saka på landsmøtet til Noregs Mållag, mangelen på digitale læremiddel på nynorsk.

Han synte til læremiddelrapporten Synnøve Midtbø Myking har skrive til Noregs Mållag om situasjonen for digitale nynorske læremiddel.

– Eg ser at de er uroa for utviklinga knytt til digitale læremiddel. Det tyder at me må vurdere verke-midla våre og sjå kva me kan gjere betre for å få fleire læremiddel og fleire læringsressursar på bokmål og nynorsk, seier Jan Tore Sanner. Han sa at læremiddelsituasjonen minte han om korleis det var då han sjølv gjekk på skulen, der nynorskbrukene ofte kom etter bokmålsbøkene.

– Departementet har fått saka frå Utdanningsdirektoratet, men me har ikkje bestemt oss for kva me skal konkludere med i saka, seier Jan Tore Sanner.

– To likestilte målformer er ein

styrke for det norske samfunnet, sa Jan Tore Sanner. Han brukte også taletida til å seie noko om konfliktlinjene i norsk politikk.

– Spennet kan vere like stort internt i ein by som det er mellom by og distrikt. I staden for å dyrke konfliktlinjer, må vi dyrke mangfaldet. Han la vekt på at det er viktig med mange ulike stemmer.

– Det er viktig med tydelege stemmer. Eg må innrømme at eg er ganske stolt over at det var John-Ragnar Aarset, generalsekretær i Høgre, som vart kåra til årets nynorskbrukar 2018 av Nynorsk kultursentrum.

Integreringspolitikk var også eit viktig emne i tala. Sarifa Moola-Ner-næs, utsending frå Kvam Mållag, tok opp kor viktig det er at innvandrarane som kjem til nynorsk kommunar, får lære nynorsk.

– Språk er nøkkelen i skulen og også i integreringsarbeidet. Norsk språk er også nøkkelen inn i arbeidslivet, til utdanning, til å bli ein del av miljøet.

Sanner la vekt på kor viktig mållaget er for språkpolitikken i Noreg. – Vi treng organisasjonar som Noregs Mållag som kan utfordre oss, vere ei motmakt, representere mangfaldet og vere ein del av den norske kulturen.

LIVE HAVRO BJØRNSTAD

og høgskulane tar ansvaret dei har for norsk språk på alvor. Universiteta og høgskulane skal danne og bu studentane på å bli demokratiske deltakarar og gode språkbrukarar i det norske samfunnet.

Utdanningsinstitusjonane må også ta språkkretene til studentane på alvor. At fleire universitet og høgskular systematisk nedprioriterer nynorsk og bryt både mållova og eksamensforskrifta, gjer ikkje studentane til trygge språkbrukarar. Studentar må bli trygge brukarar av fagspråk både på nynorsk og på bokmål. I fag der pensum er på engelsk, skal utdanningsinstitusjonane tilby norskspråkleg støttmateriell. Vidare vil Noregs Mållag peike på at der det blir undervist og forska på norsk språk, historie, samfunnsliv, folkeminne og rettsvitskap, er det særleg viktig at ein held fast ved og utviklar ein norsk fagterminologi. Forsking som vert gjort i desse faga må i sin heilskap vere tilgjengeleg for ålmenta på norsk. Men òg innanfor realfaga er dette viktige mål å streve etter. Særleg er fag som geologi og biologi avhengige av nær kontakt med ålmenta for si faglege utvikling.

Etter universitets- og høgskulelova har utdanningsinstitusjonane eit ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Utan eit norsk fagspråk blir ikkje forskinga

tilgjengeleg for ålmenta, og institusjonane oppfyller ikkje dette samfunnsoppdraget. Når forskning blir viktigare enn utdanning og formidling, blir norsk fagspråk svekt. Derfor må forskarane få uttelling for å skrive pensumbøker og drive med forskingsformidling på norsk, slik at dette arbeidet blir høgare prioritert.

Noregs Mållag krev:

- Teljekantsystemet må endrast, slik at forskarar får insentiv til å utarbeide norsk fagspråk og pensumlitteratur.
- Studentar skal møte meir norsk pensumlitteratur. I fag der pensumlitteraturen er på engelsk, skal det finnast støttmateriell på norsk.
- Profesjonsutdanningane må lære studentane å gjere jobben sin på det språket dei skal møte brukarane på.
- Utdanningsinstitusjonane skal møte sanksjonar ved brøt på mållova eller eksamensforskrifta.
- Undervisings- og opplæringspråket fram til og med bachelornivå ved norske universitet og høgskular skal halde fram med å vere norsk.
- Norsk skal halde fram å vere administrasjonsspråk ved universitet og høgskular.

HELSEFØRETAKA BRYT MÅLLOVA: Folk som blir pasientar, får ikkje svar på nynorsk. Det dataadministrative systemet som vert nytta av helseføretaka, sikrar ikkje at pasientar får svar på skriftspråket sitt. Heller ikkje informasjonen til Helsedirektoratet om fritt behandlingsval på Helsenorge.no sikrar dette. Pasientar og andre som nyttar seg av desse tenestene, kan ofte vere i ein sårbar situasjon og ha andre prioriteringar enn å klage på språkbruken til det offentlege. Difor er det heilt uholdbart at dagens helsesystem ikkje varetek dei språklege rettane deira.

Skatteetaten klarer det; kvifor klarer ikkje Helsedirektoratet og dei regionale (og lokale) helseføretaka dette?

Staten har ansvar for å ta vare på og halde oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er lov om målbruk i offentleg teneste, altså mållova. Landsmøtet i Noregs Mållag krev at helseministeren tek tak i saka og sørgjer for at pasientar får svar på, og møter skriftspråket sitt på nett.

Elevane på nynorskskulane i **Tysvær kommune** valde vekk nynorsk. No har kommunen klart å snu trenden.

Fleire vel nynorsk igjen

I 2016 VILLE ingen foreldre ved skulane Grinde og Tysværvåg i Tysvær kommune i Nord-Rogaland ha nynorsk for ungane sine. Rådmannen og skulesjefen ville endre til bokmål ved dei to nynorskskulane frå hausten 2017. Det gjekk ikkje politikanane med på, skriv Tysvær Bygdeblad.

Løysinga blei betre informasjon til foreldra om val av målform. For skuleåret 2016/2017 var det berre ni elevar som valde nynorsk på Førland, Grinde og Tysværvåg. 70 valde bokmål. For skuleåret 2017/2018 valde 18 elevar nynorsk og 38 bokmål.

Etter innskrivinga til skuleåret 2018/2019 har fleire valt nynorsk enn bokmål på dei tre skulane. 42 vil ha nynorsk og 26 bokmål. Sissel Hansen Tysse i Høgre synst det er positivt at talet jamnar seg ut.

– Hovudpoenget var å sjå om ein kunne bruke utfordringane til å styrkje både målform og ei jamnare fordeling av klassene. Nok og god informasjon er alltid ei utfordring. Det er derfor kjekt å sjå at eit så enkelt vedtak som å halde eit informasjonsmøte kan sørge for å få gitt ut nok informasjon til foreldra, seier ho til avisa.

Tysvær har fem nynorskskular og tre bokmålsskular. Frå og med 8. trinn vel elevane sjølv skriftleg hovudmålform.

– Ein må legge til rette for balansert opplæring og kunne glede seg over liv, variasjon og mangfald. Målaget ønskjer i større grad å få fram korleis nynorsk er forankra i dialektane våre. Mindre strid, meir språkglede, seier leiaren i Tysvær Mållag, Synnøve Bredal Bjelland, til avisa.

(NPK)

NØGD – Mindre strid, meir språkglede, seier leiaren i Tysvær Mållag, Synnøve Bredal Bjelland.



Song, lyrikk, litteratur

Saman med **Naustdal Songlag** skipa **Naustdal Mållag** til «Vårsong og litteratur» søndag 22. april. Fullt hus! Vi inviterte åtte forfattarar, alle skriv nynorsk, og alle er frå Naustdal eller er tilknytt her – då reknar vi òg forfattaren André Nikolai Haave i Stavang som litt «vår», for det er berre 200 år sidan stamfaren hans kom frå Naustdal.

Biblioteket stilte ut nyare, lokale bøker. To kokebokforfattarar kunne ikkje komme, Thomas Holme Smådal og Linda Stuhaug, så vi serverte smaksprøver frå bloggen og bøkene deira i staden. Nydeleg mat!


HYLLA VÅREN: Naustdal Songlag song våren velkomen, og lyrikaren Magne Velle supplerte med småskeiv lyrikk. Foto: Arne Kleiva

NT BOKMELDING

Ei bok full av gode helse- og livsstilsråd

PÅ SEINHAUSTEN I fjor vart eg kjend med ei eineståande bok, den beste og mest opplysende boka om helse eg nokon gong har kome over! Ho er full av gode helse- og livsstilsråd og viktig helsekunnskap - i eit enkelt, lett-fatteleg språk.

Ved å lesa i den vil du forstå kva som skal til for å ta betre vare på helsa, heilt til høg alder – for boka inneheld gode råd med omsyn til både kosthald, levevanar, medisinbruk, kroppens ulike funksjonar, vitaminar og mineralar sine funksjonar i kroppen m.m.



Helse for livet
av Jon Ingvald Håbrekke
Eige forlag

Heilt frå nitten års alder har eg aktivt interessert meg for helse og ernæring - og likevel aldri før funne ei bok som på ein så enkel og liketil måte får fram kva som skal til for å sikra ei god helse. Det som gjer boka så unik, er at sjølv det mest kompliserte meistarar forfattaren å forklara i eit enkelt språk - utan unødig bruk av framandord, og om framandord blir nytta så blir dei grundig forklarte! Dette gjeld jamvel avanserte eller innvikla biokjemiske prosessar i kroppen. Forfattaren er sjølv utdanna bio-

kjemikar og har i dei seinare åra gjort djuptgåande studiar innan dei emna som boka dekkjer! Han er ein framifrå pedagog med ein lang karriere bak seg i den vidaregåande skulen, og med ei formidlingsevne som er eineståande!

Boka er på nynorsk, noko som er ganske eineståande til fagbok å vera - og av ein sjeldan høg kvalitet! Aldri før har eg funne ei fagbok om helse som er på nynorsk - og vil seia at dette er den beste og mest informative boka om helse eg nokon gong



SPANING: Det var stor spaning blant borna i Læringsverkstedet barnehage på Straume då dei fekk nye bøker frå Sotra Mållag. Foto: Hilde Kristin Apelthun

DELER UT BARNEBØKER:

– Viktig at barna møter nynorsk alt i barnehagen

DET VAR STOR spaning blant borna i Læringsverkstedet barnehage på Straume då dei fekk nye bøker frå Sotra Mållag. Borna kasta seg over bøkene og gleda seg over å sjå dei fine og gøyale bileta i bøkene og høyre dei spanande forteljingane.

Sotra Mållag har i fleire år finansierte barnebøker på

nynorsk til barnehagane i Fjell og Sund, dei to kommunane på øyene Sotra og Litle-Sotra, vestom Bergen.

– Vi arbeider for at flest mogleg førskuleborn skal få møte nynorsk i barnehagen. Slik vil vi fremje nynorsk som skriftspråk for dei komande slekter. På Vestlandet skal det vere naturleg å lese og

høyre nynorsk heilt frå barnsbein av, seier leiar i Sotra Mållag, Margit Liljan Apelthun, som saman med styremedlem i mållaget Marit R. Melkevik overrekte barnebøker til fem barnehagar nyleg.

– Bøkene kjem til å bli velbrukte, lovar dei tilsette i barnehagen.

HILDE KRISTIN APELTHUN

har sett, uavhengig av målform. Det er mi oppriktige meining – og eg vil derfor oppmode deg til å skaffa deg boka – og lesa den.

Boka vil òg gjera deg medveten om kva verknader sukker, kunstige søtstoff og søte drikkar mv. har på kropp og helse. Les du denne boka, vil du skjønna mykje betre kva inntak av ymse næringsmidlar, søtstoff, medisinar etc. kan gjera med kroppen din og helsa di!

Du finn t.d. veldig opplysnande og tankevekkande informasjon om kva følger det kan få å bruka statinar for å få kolesterolet ned, for i mange tilfelle

kan det føra til dramatiske konsekvensar og i verste fall død! Boka gir jamvel fleire døme på at statinbruk fører til død!

Boka gir ei grundig innføring i kor viktig magen og fordøyelsen er for heile organismens helse og velvære! Eitt kapittel lyder: «All hjernesjukdom startar i magen.»

Skaff deg boka - og lev etter dei råda som forfattar Jon Ingvald Håbrekke gjev. Om du berre les ei einaste helsebok i år, bør du velje denne!

EINAR BJØRN REITAN

BARNEHAGEVITJING: Sør-Aurdal Mållag har vore på vitjing i Reinli barnehage i Sør-Aurdal. Det snakka med dei aller eldste ungane som skal byrje på skulen til hausten. Då var det snakk om bruk av dialektord, høgtlesing frå nynorske barnebøker og overrekking av ei bokgåve til barnehagen.

HALLING I HALLINGDØLEN:

Buskerud Mållag har samla ei rekke målinteresserte skribentar som skal fylle målspalta i Hallingdølen ein gong i månaden framover. I mai er det Ove Bråten frå Torpo som skriv spalta «Halling».

GÅVE TIL TINN DIALEKT- OG MÅLLAG: Tinn dialekt- og mållag har fått 4000 kroner i gåve frå Tinn Sparebank, melder Rjukan Arbeiderblad.

SPRÅKKAFE: Sunndal folkebibliotek og Sunndal Mållag held fram med å invitere til språkkafé. Her vert det snakka om språk og kultur i hyggeleg selskap. Språkkaféen er støtta av studieforbundet Kultur og tradisjon og kommunen.

ELENA FERRANTE-KVELD: Vegårshei Mållag, Folkeakademiet Agder og Comunità Italiana in Agder inviterte til ein eigen Ferrante-kveld i mai. Då snakka målprisvinnar Kristin Sørsdal «Om å omsette Elena Ferrante og Napoli». Andrea Maini spelte napoletansk musikk, og i tillegg til kake og kaffi, var det prøvesmaking av italiensk pecorino ost.

MEDLEM I LNK:

Styret i Stranda Mållag har drøfta Stranda kommune sitt medlemskap i Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og har i brev til kommunen bede om at Stranda kommune melder seg inn att i LNK.

70 ÅR: Olav Randen, leiar i Noregs Mållag frå 1994 til 1997 har nett fylt 70 år. Det har også tidlegare styremedlem og leiar Nils Ulvund og tidlegare styremedlem Helga Hjetland gjort. Og tidlegare Målpris-vinnar Arne Johannessen har runda 60 år. Me ynskjer til lukke!

STADNAMNREGISTERING: Sunndal Mållag har fått 5000 kroner til stadnamnregistering frå Sunndal kommune. Dessutan har laget fått 2000 kroner i driftsstøtte.

FEIRING PÅ GRANAVOLLEN: I høve 200-årsjubileum for Aasmund Olavsson Vinje heldt Ottar Grepstad, direktør for Nynorsk kultursentrum, tale under Vinjemarkeringa i Mariakirken på Gran i Hadeland 17. mai.

SANDNES MÅLLAG I TOGET: I 17. mai-toget i Sandnes gjekk også Sandnes Mållag. Dei markerte at laget er 100 år i år.

KJAKJ & KRUS: Buskerud Mållag gjer kvar måned krus på ein person i eller frå Hallingdal som markerer seg som inspirande nynorsk- og/eller dialektbrukar. Buskerud Mållag peikar på at det er dei som brukar språket, som får det til å leva og gjev Hallingdal kulturell identitet. Kvar måned vert tildelinga omtala i Hallingdølen.

OPPLESING I 24 TIMAR: Kan det vere at Stord Mållag sette mållagsrekord? I høve 150 års-jubileet til Samlaget feirar Stord Mållag med eit nynorsk opplesingsdøger på Sykkel & Kaffi i Leirvik sentrum.

KVARDAGSORD: Hardingen Magne Velure har dei siste åra skrive blogginnlegg kvar fredag, i Jakobs bok. I fjor vart eit utval av tekstane til ei handfast bok, utgjeven av Ullensvang Mållag.

MÅLPRIS TIL SOKNEPRESTEN: Volda Mållag har gjeve Målprisen til sokneprest i Volda og Dalsfjord, Kristian Myklebust.

SKRIVEKONKURRANSE:

Naumdøla Mållag har utlyst ein skrivekonkurranse der dei tre beste tekstane blir premierte og kjem på trykk i årets utgåve av Naumdøla jul.

Han slutta i Vassendgutane då det var for mykje reising, og starta gruppa Rotlaus. Brått var reising på ny eit faktum, med konsertar kvar einaste helg fram til september.

– Det handlar mykje om å leggja til rette og prøva å snu litt på ting, seier **Bjørn Marius Øyehaug**.

Alltid rotlaus

– **EG SLUTTA** av di eg drøymde om eit anna liv, fortel Bjørn Marius Øyehaug.

Frå han var 19 og fem år fram-etter var han trommeslagar i Vassendgutane. Det vart mykje reising og lite tid heime, i 2012 slutta han i gruppa.

– Eg hadde eigne draumar. Kompisar bygde hus, fekk familie og ungar og alt som høyrer med. Det heile verka så fjernt, eg var der ute på vegen, men visste at eit anna liv, det var også noko eg kunne tenkja meg på sikt.

Men livet vart ikkje heilt slik med det same. Han kom inn i ein tøff periode, der han miste ho han hadde vore saman med og vart samstundes utsett for ei arbeidsulukke. I staden for å setja seg ned «og hulka», fekk han heller ned tankane på papiret.

Viktig å stoppa opp

– Det skal vera kjekt å spela konsertar, og det å ta vare på spele- glede er viktig, fortel Øyehaug, som spelar gitar, syng og skriv songane i gruppa.

– Me fekk ein utruleg start og har vore på vegen om lag kvar helg sidan me starta. Mange reagerte på at me tok ein spelefri periode frå slutten av mars og fram til i dag. Men me var samanhengande på vegen frå nyåret og spelte 25 jobbar, jobbane var utselde, stemninga var god, men eitkvart stemde ikkje. Me valde å kansellera alle jobbar som stod på kalenderen ein periode og lova å koma sterkare attende.

Og pausen trengst. Frå midten

av mai og ut august skal dei spela kvar einaste helg, til saman over 30 konsertar. Det er mykje for ei gruppe som vart starta av di ein ikkje ville vera så mykje vekke. Øyehaug ser ironien.

– Det har gått fort med oss, og eg trur det er sunt å stoppa og av og til, fordøya alle sansar og inntrykk og finna seg sjølv oppi dette sirkuset. Me er veldig medvitne på at det skal vera råd å spela i bandet og kombinera det med eit nokolunde normalt liv. Det er lett å ta alt for gitt, som ei sjølvfølgje og berre la dette verta ein vane. Då vert det heller ikkje god musikk.

Framleis er det utfordrande å vera så mykje på farten.

– Det er framleis tungt å reisa frå det som er heime. Eg har sjølv ei jente eg er glad i, og ho kunne sikkert ha tenkt seg ei heilt vanleg ferieuke i Syden. Men det hand-

lar mykje om å leggja til rette og prøva å snu på ting. Eg plar seia at eg har helg i vekene og arbeider i helgene. Difor prøver eg alltid å finna på noko «helge-aktig» i vekene, passar på at det faktisk blir fri. Men me gler oss stort til å koma ut og spela, og det er ein herleg gjeng som er ute på vegen, fortel Øyehaug.

Eige liv

Denne stadige kampen om å vera vekke og aldri heilt heime finn ein att både i namnet på gruppa og i mange av tekstane.

– Rotlaus starta eigentleg som ein liten lufteventil, ein stad der eg kunne få utløp for kjensler. Så tekstane er stort sett baserte på eige liv. Eg har gjort mykje, opplevd mykje og reist mykje. I tolv år har eg vore på vegen, og det har til tider kosta meir enn det smakar. Det er mykje ein gjev avkall på.

Eg har mist mange eg har vore glad i, og eg har gjort ting eg har angra på. «På vei» er truleg den songen som fortel dette best, fortel Øyehaug.

– Dette er ikkje ukjend tematikk i sjangeren Rotlaus høyrer heime i. Men til skilnad frå sine meir kjende sambygdingar, er det ikkje mykje rølp og flatfyll å finna i tekstane.

– Me har moglegvis litt meir substans i tekstane våre, alvor og ein raud tråd reint tematisk sett. Eg skriv ut i frå det eg sjølv har opplevd, situasjonar eg sjølv har vore i, og då blir nok songane våre litt annleis. For meg er det viktig at ein står inne for det ein skriv, det må vera sjølvopplevd. Berre på den måten kan me framføra låtane, få med oss publikum og røra ved dei. Det vert ekte. Det gjeld for så vidt musikken òg, me er nok nærare pop-sjangeren. Det er ei god blanding av ulike inspirasjonskjelder og ein fot i ulike sjangrar.

Gull og platina

Rotlaus fekk både gull og platina for debutplata «Bygderamp» som kom i 2016. Veggene er full med trofé for alle singlarne som følgde tida etter. Tidlegare i år kom den andre plata, «På vei». Dei er strøymde fleire titals millionar gonger på Spotify.

– Det er fort å tenkja at dette har kome av seg sjølv, at det har vore lett. Det er ikkje tvil om at me har hatt god hjelp av at erfarings- gane eg fekk med Vassendgutane. Det handlar om kva knappar

BJØRN MARIUS ØYEHAUG

✎ tekst- og melodiforfattar i Rotlaus

✎ syng og spelar gitar

✎ spelte tidlegare trommer i Vassendgutane

✎ Rotlaus skal spele konsert kvar einaste helg fram til september og nyt stor suksess med plata *På vei* som kom i januar.



UNDER RADAREN: – Det er vel knapt nemnd med eit ord at me har vore på VG-lista. Ein periode var me inne med to album på ei og same tid, seier Bjørn Marius Øyehaug.

Foto Jørgen W. Lyngvær

ein skal trykkja på og om korleis ein skal oppføra seg i ein jungel av menneske. Ikkje alle i denne bransjen vil deg vel, og det er fort gjort å hamna i feil spor. Trass erfaring, har me jobba knallhardt, det har vore ein humpete veg, og me er som sagt medvitne på at det kostar.

– Så no går an å leva av dette?

– Intensjonen var aldri at dette skulle vera ei gullgruve. Me skulle reisa rundt og spela av di det var kjekt. Me tener pengar på spelejobbane og noko på platesalet, men det meste går til å kjøpa meir utstyr, spela inn fleire låtar og gjera kvardagen på vegen god. Me er i dag totalt 10 mann på vegen, og dei som er med, har nok ei ok biinntekt. Me er opptekne av at bandet skal sjå bra ut, at det skal låta bra, og det kostar. Me køyrer rundt med full produksjon og er 2 bussar på vegen når me reiser rundt. I dag har me truleg Noregs største heilårs-produksjon på vegen, og det er mange folk i sving for å halda hjula og drifta i gang.

Han fortel at dei medvite prøver å ta sin del av risikoen som alltid følger med.

– Dei som skipar til konsertane, er ofte eit lokalt idrettslag eller andre frivillige. Ofte ber me difor berre om eit relativt

I tolv år har eg vore på vegen, og det har til tider kosta meir enn det smakar. Det er mykje ein gjev avkall på.

lågt grunnbeløp og ei deling av billettinntektene. Eg tykkjer det urimeleg å be om høge honorar der eine parten står med heile risikoen. Eg ser føre meg nokon som prøver å få til noko artig i bygda, og så kjem det berre nokre få betalande gjester og det heile endar i eit kjempeunderskot. Det er ikkje eit scenario eg ville ha levd godt med. Men ved å ha eit lågt grunnbeløp, så er det jo fleire som tek sjansen på å laga ein avtale med oss. Då sit begge partar med ein risiko og begge har interesse av å få dette til å verta ein suksess. Det gjer jo berre at me får fleire spelejobbar, fortel Øyehaug.

Lite merksemd frå media

Rotlaus er representantar for ein sjanger som ikkje får for mykje merksemd. Hellbillies er vortne stovereine, Staut er det nokon som har høyrte om, og Vassendgutane er noko artig der vest ein stad. I ein omtale av ein konsert gruppa hadde i Bergen saman med

Gunslingers frå Tørvikbygd, var meldaren overraska både over at konserten hadde vore utseld i lang tid og at publikum var så unge. Gruppa er ikkje bortskjemd med gratis merksemd.

– Det er feil å seia at me ikkje tenkjer på det. Det er mange som får ei god draghjelp frå både sosiale og trykte media. Det er vel knapt nemnt med eit ord at me har vore på VG-lista på fleire av utgjevingane våre. Ein periode var me inne med to album på ei og same tid, noko ikkje mange kan skilta med i dag. Me har fleire avspelingar enn nokon andre i vår sjanger og spelar fleire konsertar enn dei fleste i landet. Men samstundes likar me oss godt der me er no, me er usminka, jordnære og ærlege på sida av det kommersielle oppstyret. Me held oss i bakgrunnen med våre eigne platemeldarar, nemleg dei som kjem på konsertane. Skal me tru dei, så gjer me vel noko rett.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

I mange år var lagsbruka heilt avgjerande for målreisinga. No er det knapt nokon att. I vinter forsvann **Dag Bondeheim** i Skien ut av rørsla.

Over og ut



Flyttelasset har stått nokre veker i kjellaren til eit kjøpesener, men skal no vidare til eit anna. ♦ Reklame, fotografi, klistremerke og jobbsøknadar frå 30-talet er samla i ein gamal koffert. ♦ Ein innbunden utgåve av Telemark Tidend er noko av det som er teke vare på.

– **DET ER** syrgjeleg, seier Svanhild Haugen, leiar i Mållaget Dag.

Me står i eit lagerrom under ei bru i Lundedalen i Skien. To karar frå eit flyttebyrå ber inn kasse på kasse med bøker, papir, fotografi, bilete, stolar frå 80-talet og ei gipsbyste av Ivar Aasen. Det vesle flyttelasset er alt som er att etter hundre års drift av Dag Bondeheim og hundre og tolv år med mållagsarbeid i byen. Haugen sukkar på ny.

I månadsskiftet mars/april overtok den nye eigaren bygget, og mållaget måtte ut. Huset vart seld nokre månader tidlegare, men lokallaget hadde håpa på at dei på ein eller annan måte kunne få halda til der likevel. Dei kom i dialog med den nye eigaren, og fekk til og med ha møte der så seint som i mars. Dei fekk låna nøkkel og låste seg sjølve inn. Men til slutt vart det klart at leiga ville vera altfor høg. Dei pakka det dei kunne i flyttekasser, og fekk låna eit rom under kjøpesenteret på Lietorvet. Løysinga var mellombels, medan lagerrommet under brua kan dei få låna lenge. Historielaget har halde til her i mange år, og det er turt og gratis. Men det er ikkje ein samlingsstad slik Bondeheimen var.

– Eg må bita det i meg, seier Haugen, der me står midt mellom ein modell av ein steinalderlandsby og ein plansje om livet til Hjalmar

FAKTA:

♦ Lagsbruk er ei gammal norsk nemning på ei verksemd som blir eigd og/eller driven av eit lag innan Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, og var mest kjende som bondeheimar og kaffistover.

♦ Det har vore over to hundre lagsbruk i drift, no er det berre ei handfull att.

♦ Mållaget Dag i Skien kjøpte det som seinare vart til Dag Bondeheim i 1915, og kaffistova opna året etter. I 1995 vart verksemda til eit aksjeselskap. I 2014 overtok Bøndenes Hus i Oslo alle aksjane, men selde det seinare vidare. 15. mars 2018 overtok Onarheim Eiendom AS bygget.

Johansen, og ser på at flyttekarane ber inn dei siste kassene.

– Det er eit nederlag, og det kjem på mi vakt. Eg har aldri sete i styret i aksjeselskapet som styrte huset, så eg har ikkje vore direkte med på desse avgjerslene. Men det er eit nederlag når ein tenkjer på kva innsats som mange dyktige folk har

gjort sidan starten i 1916. Me som har kome etter, har ikkje vore like dyktige, seier ho.

Frå lagshus til aksjeselskap

Kaffistova i Skien opna dørene i 1916, midt i den veldige medvinnden til norskdomsrørsla. Skarpe hovud såg at det var pengar å tena på overnatting og servering, og at dette kunne skaffa midlar til lokallaga. Dette var noko også fleire andre rørsler hadde innsett, t.d. fråhaldsmiljøet og indremisjonen. I Norskdomsrørsla kalla ein desse forretningane lagsbruk. Frå 1910 og utetter gav desse verksemdene veldige inntekter.

Mållaget i Skien hadde kjøpt Bragegarden året før, fyrst ved at formannen i laget, grosserar Aleksander Lundervold, kjøpte den «på eigen vågnad». Sidan overtok laget eigedomen ved hjelp av ei handfull private garantistar. I 1927 vart det innreidd hotellrom i tredje høgda, og Dag Bondeheim såg dagens ljøs. Noko av det siste styret gjorde før Nasjonal Samling overtok i 1943, var å setja av nok pengar til å gjera huset gjeldfritt. Stadig fleire oppussingar følgde i åra etter krigen, og frå 1967 hadde lokallaget huset som fast møtestad. I alle desse åra var det lokallaget som dreiv bygget, gjennom eit forretningsstyre.

På 90-talet trong bygget sårt frisk kapital. Drifta kasta ikkje nok av seg og ein trong midlar til naudsynt vedlikehald. Noko måtte endrast. Dette var ikkje fyrste gong at framtida til bygget vart vurdert. I 1975 vart det sett ned ei nemnd som skulle vurdere alternative driftsmåtar eller sal av garden. Ingen av alternativa vart realiserte.

Denne gongen endra ein på driftsmåten. I 1996 vart aksjeselskapet Dag Bondeheim skipa, med ein dagleg leiar og eit eige styre. Mållaget skulle ha ein representant i dette styret, det same skulle Noregs Mållag sentralt ha, som var ein av aktørane som gjekk inn selskapet.

– Ikkje alle var samde i dette, fortel Haugen.

– Nokre melde seg då ut i protest, mellom anna dåverande leiar i mållaget. Mange reagerte på at ein på denne måten gav frå seg styringa.

Mållaget fekk likevel tinglyste rettar til å ha eit eige møterom, eit rom til den omfattande boksamlinga og skulle ha eit årleg tilskot til møteverksemd med målsak og kulturelle aktivitetar.

Planen fungerte. I alle fall ei stund. Sjølv om lokallaget ikkje lenger styrte huset, hadde dei likevel sitt å seia om drifta på generalforsamlingane. Laget hadde mange aksjar.

– Me har passa på at dei nyttar nynorsk, og har heile tida meint at



Flyttekarane gjer seg klare til å køyra.

det ikkje skulle skjenkast alkohol på hotellet, fortel Svanhild.

– På generalforsamlingane vart det stadig teke opp dette med skjenkeløyve. Me har alltid meint at ein skal halda på fråhaldslinja og halda på dei tradisjonane. Kan henda det var bra for byen at det var eit hotell som det ikkje var skjenkeløyve på. Men det kampen tapte me også til slutt, då det vart innført ei treårig «prøveordning». Som sjølvsagt vart gjort permanent, fortel ho.

Bøndenes Hus overtek

Men det stadige kravet om oppussing og vedlikehald kravde meir enn det drifta kasta av seg. I 2010 vart

det tilsett ein ny dagleg leiar som satsa stort, og i overmot lånte pengar for å modernisera hotellet. Men dei auka inntektene kom aldri. I 2014 var konkursen like om hjørnet. Berre eit mirakel kunne redda drifta, og den kvite riddaren vart Bøndenes Hus, som driftar Bondeheimen i Oslo. Dei såg eit potensial i hotellet og var villige til å ta over heile drifta. Det einaste kravet var at dei skulle overta verksemda gratis. Alle aksjane måtte skrivast ned til null og overførast til den nye eigaren utan vederlag. Etter at direktøren for Bøndenes Hus kom inn i styret for Dag Bondeheim AS, kom det stadig planar på bordet, og fleire gonger

vart lesarane i Telemarksavisa synte arkitektteikningar og draumar om utviding og oppføring av eit nytt, stort hotell attmed det gamle.

– Eg var ikkje på den siste generalforsamlinga. Det vart for vanskelig for meg, seier Haugen.

– Då mållaget handsama saka, røysta eg i mot at Bøndenes Hus skulle få overta. Sjølv om eg visste at alternativet kunne vera å slå hotellet konkurs. Fleirtalet var for, og eg var sjølvsagt lojal mot det vedtaket. Både styret og generalforsamlinga meinte at det var viktig å unngå konkurs og trudde på planane som vart lagde fram. Bøndenes Hus skulle bli ein langsiktig eigar og dei



Det er lagt ut ein presenning der mållaget kan få setja tinga sine.

var trass alt ein del av den same familien som oss. Men særleg langvarig vart det jo ikkje, seier ho.

For Bøndenes Hus gav fort opp. I januar 2017 bestemte dei seg for å selja bygget. Det er ikkje utenkjeleg at det var ei rett forretningsavgjerd, men for lokallaget var dette det verste som kunne henda. I eit siste forsøk på å halda bygget i mållagshender, prøvde dei å skaffa finansiering til å kjøpa huset attende. Men gjelda frå satsingane tidleg på 2010-talet var for stor. Ingen bank ville låna dei pengar, og det var heller ikkje noko alternativ å finna private som var villige til å skyta inn pengar.

– Skriva rundt til folk på nytt og be dei kjøpa aksjar? Etter at dei dei førre var skrivne ned til null og gjevne vekk? Det ville eg ikkje vera med på, seier Haugen.

For å gjera huset enklare å selja kjøpte Bøndenes Hus dei tinglyste rettane lokallaget hadde. Etter fyrst å ha takka nei, selde laget til slutt rettane for 800 000 kroner.

– I ettertid så tenkjer eg at det moglegvis hadde vore like greitt å bli slegen konkurs. Då hadde me i det minste framleis hatt dei tinglyste rettane våre. Eg veit ikkje om me har gjort det me kunne, eg veit ikkje om me gjorde rett. Det er vorte mykje vanskelegare å syna fram kulturen og historia til laget, og å overlevera den til folk som kjem



Svanhild Haugen på «kontoret» sitt.



inn i styret. Så eg er redd for at det mykje som smuldrar vekk, og at det er verre å halda det samla, seier Haugen.

Den nye eigaren, Onarheim Eienendom AS, tok over bygget i mars. Tidleg i april bar ho og dei andre i dugnadsgjengen dei siste flyttekassene ut frå bondeheimen, og smekka att døra etter seg. Nøyaktig hundre år i eigen heim var til vegg ende.

Ei suksesshistorie

Salet av Dag Bondeheim gjer at me no berre sit att med ei handfull lagsbruk; Bondeheimen i Oslo, Hordaheimen i Bergen, Saga Hotell i Tromsø, som også er medaksjonær i Finnsnes hotell. Og så er Kaffistova i Mosjøen i drift enno. Det kan verka stusseleg då ein reknar med at det har vore minst to hundre lagsbruk innan rørsla. Men med litt avstand er det råd å sjå verdien av dette arbeidet.

– Alt i alt har lagsbruka betydd kolossalt mykje. Det er viktig å sjå alt det gode dei gjorde, seier Nils Seland.

Han meiner at ein ikkje skal dwella for mykje ved alt det ein har mista, men heller verdsetja alt det dette arbeidet har ført med seg. På den eine sida fekk ein store og robuste lokallag, ikkje minst i dei store byane. Men då den omstridde lagsbrukskatten vart vedteken i 1915,

skaut økonomien i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag sentralt i verda. Lagsbruka måtte betala ein fast prosent inn til landslaga, og det gjorde at budsjettet for Mållaget gjekk frå 2500 kroner i 1909 til 49 000 i 1919. Så seint som i 1952 kom meir enn halvparten av inntektene frå lagsbruka.

Seland nærmar seg slutten på eit dokumentasjonsprosjekt der han

etter beste evne har leita opp spor etter alle kaffistover og bondeheimar rundt om i landet. Ein kan følgja arbeidet på nettsida lagsbruk.no, og etter planen skal arbeidet enda opp som bok ein gong til vinteren. Arbeidet har fått noko stønad frå Norsk Kulturråd, men er elles finansiert av ei testamentert gåve frå lagsbruksnestoren Kåre Kolås frå Bergen, og blir administrert av Noregs Ungdomslag.

Seland var i mange år dagleg leiar for Norske lagsbruk, som var ei samanslutning av verksemdene under lagsbruk-paraplyen. Han såg utviklinga på nært hald, og veit at ei nedlegging aldri er moro, men tidene og vilkåra endrar seg gjennom meir enn 100 år - ikkje minst forholdet mellom produktpris og prisen på arbeidsløn og råvarer.

– I byrjinga kunne kaffistovene tilby eit kvalitetsprodukt til ein rimeleg pris, eit «konsept» som låg ein stad mellom kneipa på den eine sida og sosietetsrestauranten på den andre sida, seier Seland.

– Rundt 1905 var det ei enorm norskdomsbylgje som lyfte desse verksemdene fram. Ja, redaktør Rasmus Steinsvik i nynorskavisa *Den 17de Mai*, sa det gjekk så godt at det snart ikkje var moro å vera målmann lenger. Dei må ha vore i ein rus. Kaffistover rund baut, og



det var god butikk. I tillegg kunne dei profilera seg med interiør, husbunad og norsk mat. Men etter kvart har alle kostnader gått opp: løningar, husleige og råvarer. Utan denne bylgja vart det fort tungt for mange. Dei som har overlevd, har drive godt, men er også dei som har vore dei største. Ein resepsjon kan halda styr på fem rom eller på femti rom. Og det er heilt klart mest økonomisk at den utgifta skal delast på femti rom.

Rørsla har slite litt med eit kulturelt mindreverds-kompleks. Dette gjorde seg særleg gjeldande i det eg lettvint kallar respatex-alderen.

Nils Seland



Det nye lager ligg inn under ei bru i Lundedalen. ♦ Svanhild Haugen låser døra etter at alt har kome på plass.

Alle foto: Kjartan Helleve

Seland meiner også at både rørsla og lagsbruka miste noko av seg sjølv etter krigen.

– Rørsla har slite litt med eit kulturelt mindreverdskompleks. Dette gjorde seg særleg gjeldande i det eg lettvtint kallar respatex-alderen. Då skulle me modernisera oss, bli moderne og alt det gamle skulle ut. Men me vart jo aldri moderne. Så rørsla har ikkje vore flink nok til å halda fana høgt nok, som kunne ha gjeve oss og lagsbruka eit særmerke. Her trur eg me kunne ha gjort ein betre jobb, sjølv om det er noko friskt å seia at det ville ha vore redninga for alle lagsbruk. No ser me private aktørar som er langt flinkare til å ta vare på tradisjonar enn lagsbruka har vore på lang tid, t.d. dei historiske hotella, seier han.

Kvitta seg med kafeen og overlevde

Det finst likevel døme på lag som driv levande lagsbruk. Om ein ser stort på det, kan Kvalatun vera eit døme på det. Haugesund Mållag og Ungdomslag bygde lagshuset så seint som i 1990. Dei hadde tidlegare fleire lokale i sentrum, og kapitalen kom til dels frå sal av desse eigedomane. Men det verkeleg smarte trekket var å kjøpa seg aksjar i Haugesunds Avis i 30-åra. Det vart sett på som eit støttekjøp for å hjelpa avisa over kneika. Men i

80-åra stod medieaksjar høgt i kurs, og laget kunne selja aksjane med god fortjeneste. Kombinert med god forretningssans har laget no svært god økonomi.

Det beste dømet er likevel Mållaget i Kristiansand. Til liks med fleire andre lag hadde dei fleire eigedomar rundt om i byen, og ynskte etter kvart å samla desse i éin eigedom. Bygget vart reist i 1970, og er av utsjånad eit stykke unna den ein vanlegvis forbind med norskdom. Kommunen nekta fyrst laget å bygga såpass stort, og gav fyrst løyve då kommunen sjølv trong lokale dei kunne leiga i sentrum.

Det heldt likevel på å gå over styr. Heilt sidan starten var det kafé i andre høgda, og det var ein populær samlingsstad. Men utover 90-talet forsvann kundane og utgiftene auka. Ved årtusenskiftet heldt heile laget på å gå over ende på grunn av kafedrifta. Det var ikkje noko anna val enn å leggja ned drifta. Det var sårt for mange i laget og for mange i byen.

– Det var ein institusjon, og framleis er det folk som fortel at dei saknar han, fortel Solveig Lima, leiar i lokallaget.

Då kafeen var ute, vart det rom for Bondeungdomslaget. Dei kjøpte seg inn i bygget, og på den måten fekk bygget inn frisk kapital. I dag er bygget drive av eit aksjeselskap,

der mållaget eig 70 prosent og Bondeungdomslaget 30 prosent. Aksjeselskapet har lånt pengar av mållaget, og det er rentene frå dette lånet som gjev laget inntekter. Det gjev laget råd til å ha ein eigen organisasjonsskrivar. Frå og med 2018 er tilskotet til denne stillinga auka til 250 000 kroner i året.

– Det var mange som var skeptiske då me la om til å vera eit lutlag i 2013, fortel Lima.

– Men så langt går det veldig bra. Selskapet blir styrt av eit styre der mållaget har tre representantar, og BUL har to. Dette gjer at me i mållaget kan konsentrera oss om målarbeidet, og BUL kan halda på med sitt. Samlivet fungerer veldig bra. Det einaste er at me ikkje har kome fram til kva me skal kalla møtesalen. Når me har møte, heiter det Mållags-salen. Når BUL har møte heiter han BUL-salen. Men det går greitt det. Folk veit kvar dei skal uansett, fortel Lima.

Ein ny morgon

I Skien har Haugen invitert meg heim for å sjå på fanene som førebels er lagra heime hjå henne. Sjølv om det er noko trist over det heile, går livet vidare. I april hadde laget sitt fyrste møte utan eigen heim.

– Me får låna eit lokale i biblioteket, og det fungerte veldig bra, fortel Svanhild Haugen.

– Er det ein forfattar eller eit føredrag så er det eit høveleg lokale. No i april hadde me lyrikaren Oddmund Haugen på besøk, og det kom godt med folk. Men om me skal ha ein felespelar eller ha musikk som krev piano, så går det ikkje der. Og me er vane med å tinga oppdekking til tjue personar, førtifem snittar, servise og plass til alle rundt bordet. Så pengane me fekk frå Bondeheimen, gjekk rett attende til dei. Det er noko anna med pappkrus og pappfat på eit bord i hjørnet. Men folk var likevel sitjande og drøsa, og det vart eg veldig glad for å sjå.

Ho ser heller ikkje vekk i frå at det kan koma noko positivt ut av dette.

– Det er klart at det kunne vera litt skremmande med lagsmøta våre, det var nok folk som tenkte at «der høyrer me ikkje til» og at det vart litt «kyrkjelyd» over det heile. Det kan endra seg når me no flyttar møta ut av Bondeheimen, men samstundes kan det også skemma vekk mållagsfolk, seier Haugen, og seier at ho på ingen måte har gjeve opp.

– Det har eg jo sagt i avisa, så det må eg vel stå for. For det er viktig å halda fram med å markera nynorsken i byen, sjølv om det no blir i nye former. Og no skal me gripa tak i ungdomen, seier Haugen.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



FOR Å UTVIKLE NÆRING MÅ EIN HA KULTUR FOR LÆRING!

I Fjord1 er vi opptekne av å utvikle oss heile tida. Ikkje berre som organisasjon, men òg med tanke på kvar enkelt sin kompetanse. Og ikkje minst treng vi

stadig nye folk til dei mange spennande oppgåvene vi skal løyse på dei norske fjordane. Vi vil gjerne kome i kontakt med deg for å sjå om det kan vere ein

jobb som kunne passe nettopp deg og din kompetanse. Fjord1 er så mykje meir enn berre miljøvennlege ferjer og gode sveler!



VISSTE DU AT ...



... Fjord1 vart kåra til **Årets Opplæringsbedrift** innan maritime fag i 2016

... vi er nominerte i år igjen

... til saman har vi i løpet av eit år om lag **120 opplæringsstillinger** i kortare eller lengre periodar

... **kompetanseområdene** våre spanner frå miljøteknologi, forretningsutvikling, HR og IKT til strategi, catering og økonomi/finans



... Fjord1 er **Noregs største ferjereiarlag** med om lag 1200 tilsette over store delar av Noreg

... i 2017 tilsette vi heile **281 nye medarbeidarar**, derimellom 19 nye i administrasjonen



... vi tilbyr spennande traineestillingar



... vi har til ei kvar tid **60 lærlingar på 35 opplæringsfartøy** i konsernet, fordelt på 35 personar på matrosfaget og 25 personar på motormannfaget



søk ledige stillingar på **fjord1.no** og følg oss på Facebook og Instagram

... for tida har vi **15 kadettar**, der fem av dei er maskinkadettar og ti av dei er dekkskadettar

... framover er det mellom anna **stort behov for maskinistar** på sjø



VÅRE VERDIAR:

STOLTE • OPNE OG ÆRLEGE • PÅLITELEGE • GODT HUMØR • TEAMÅND • LØNSAME

www.fjord1.no



SKAL INSPIRERE: – Målet er å gje ungar og ungdomar lyst til å dansa, fortel Halldis Folkedal, som er kurator for prosjektet. Foto: Kjartan Helleve

TIL VENSTRE: Frå opptak i Møre og Romsdal.

Foto: Halldis Folkedal

Reklameeffekten

Folkepedia tek instruksjonsfilmen til nye høgder. Sjeldan har stjernepolka sett artigare ut.

INSTRUKSJONSFILMAR kan vera ei liding å sjå på. Dei er ofte for lange, lyden er stort sett skral eller så lærer du ikkje det du var på jakt etter.

Skal du læra folkedans, ligg det gull og ventar på deg. Noregs Ungdomslag har lange tradisjonar med å laga undervisningsopplegg, men har no teke det til nye høgder. «Folkepedia» er ei samling med korte videoar der born og ungdomar syner fram songleikar og dans, og alt ligg gratis tilgjengeleg på nettet. Men i staden for å filma alt inne i ungdomshus eller øvingslokale, er borna tekne med ut i naturen, inn i ein flor eller tunell. Filmene lèt også borna sjølve forklara dansen, og lèt dei fortelja om kvifor dei held på med dette. Alt saman filma i ein slags reklamefilmestetikk. Det skal godt gjerast å sjå ei handfull av desse filmene utan å tenkja at her har du sjølv eller ungane dine gått glipp av noko verdfullt.

– Me ville laga eit opplegg dansarar, lærarar og instruktørar lett kunne finna fram til, fortel Halldis Folkedal. Ho er tidlegare kulturrådgjevar i Ungdomslaget, og ynskter å gjera noko nytt. Det finst gode instruksjonsbøker, og mange av desse er framleis i bruk. Så var det ein periode med kassetar og DVD-

FAKTA

Folkepedia

- ✚ Ei samling filmar som syner fram og forklarar folkedans. Du finn filmene på folkepedia.no, FB, Vimeo og etterkvart på youtube
- ✚ Prosjektet er drive av Noregs Ungdomslag.
- ✚ Filmene er resultatet av eit forprosjekt støtta av Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). (denne infoen er nok ikkje heilt oppdatert på heimesida. Det kan heller stå at prosjektet til no er støtta av Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar og Rådet for folkemusikk og folkedans, i tillegg til at eit treårig prosjekt er i gang i Møre og Romsdal.
- ✚ Skal på sikt verta ei generell side om folkedans og folkemusikk i Noreg saman med andre aktørar på feltet.

ar, men no var tanken at me skulle laga ei samling filmar som ligg ute på nettet. Dei skulle vera lette å finna, fortel Folkedal.

Unge til unge

Det var to viktige premissar for filmene: dei skulle ha så god kvalitet at dei kunne stå seg lenge, og dei skulle sleppa ungane til.

– Det er ungane sjølve som presenterer og forklarar dansane. Du har liknande prosjekt under Dansens dagar eller NRK sin «Bli med»-dans, men der er det vaksne som presenterer dansen. For fyrste gong er det

no ungane og ungdomane som presenterer dansane. Samstundes har det vore viktig med kvalitet, slik at filmene står seg lenge. Me har brukt mykje ressursar på sjølve filmproduksjonen, og eg har samarbeidd med flinke filmfolk. Jørn Nyseth Ranum har vore med frå starten og vore veldig viktig for utforminga.

– Men vil ikkje det visuelle og småpraten koma i vegen for det ein skal læra?

– Nokre vil at det skal vera enklare miljø, slik at ein fokuserer mest på dansen. Men eg trur at ein hugsar meir om ein får nokre visuelle knagar å hengja han på, at det går føre seg i eit miljø. Det er ein veldig etterspurnad etter slike filmar i skulen. Ved å gje filmene særigne uttrykk og i så stor grad lata forteljinga vera på ungane sine premiss, så trur eg me lukkast betre i å skilja oss ut.

Oppslagsverk

Folkedal og resten av hjelparane har reist rundt i heile landet og vitja ulike miljø. Målet har vore å syna fram mangfaldet, og filmene skal også kunna fungera som eit slags oppslagsverk. Men det er danseglede som ligg i botnen.

– Me har med folkedans med eit breitt tverrsnitt, både tradisjonelle dansar og andre dansar som passar bra til opplæring, eller som er populære hjå borna. Om ungane dansar ein dans som er litt utanfor boksen, så er det ikkje vår oppgåve å seia at dette er feil, eller å stå der med peikestokken og seia at dette ikkje er folkedans. Me har rom for ulike uttrykk og at ein kan bruka ulike typar musikk til dansane. Dette skal vera mest mogleg tilgjengeleg, det skal ikkje vera nasjonalromantikk der alle spring rundt i bunad attmed ein

fjord. Målet er å gje ungar og ungdomar lyst til å dansa, fortel ho.

Å filma ein skokk ungar er ikkje alltid like lett, men Folkedal skryt av dansarane.

– Ungane me arbeider med, er heilt fantastiske. Dei er kjempe-tøffe, og utruleg modige som berre kastar seg ut i det. Av og til plukkar eg berre ut eit par og plasserer dei framføre kameraet, og så fortel dei akkurat det eg vil dei skal fortelja.

– Men det må vera mykje organisering?

– Det er nesten ekstremsport. No sist hadde me fått lov å filma inne i ei kantine, utan at me visste korleis det såg ut der. Då me kom fram, landa me på at det ikkje var så spanande lokale. Difor reiste me ut og såg etter ein ny stad å filma med alle ungane på slep. Og det gjer eg aldri igjen, sjølv om det enda godt. Alt skjer på sparket. Ungane som skal seia noko, blir valde ut der og då, og me har berre ein liten prat med dei om kva me er på jakt etter. Det er viktig at dei nyttar sitt eige språk og sine eigne formuleringar. Nokre ungar er veldig medvitne om kva dei held på med, og kan leggja ut i det vide og det breie om kor viktig kulturarv dette er. Medan andre stader kallar dei det ikkje folkedans, dei berre dansar.

– Og korleis står det til med folkedansen der ute?

– Dei typiske barneleikarringane er nok nede i ein bylgjedal. Men eg ser at mange på min eigen alder, som har vakse opp med å vera med i ein leikarring, ynskjer å få til noko. Så eg har tru på at desse foreldra er motiverte for å senda ungane sine på noko slikt og moglegvis også sjølve er interesserte i å ta opp att tradisjonen.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

– Smørbukk vart tidleg min favoritt. Då eg kom inn i «livet» hans, mjukna eg han opp. La vekk karikaturen, ironien og moderniserte han forsiktig, fortalde **Solveig Muren Sanden**. I år ville ho ha fylt hundre år.

«Mor til Smørbukk»

SOLVEIG MUREN VART fødd 17. april 1918. Far hennar, Olav Muren, var lærar på Straumsnes skule, kyrkesongar og kordirigent. Han gifte seg med Åsne Lønnegraff i 1914 og fekk seks born: Malmfrid, Alv-hild, Solveig, Halvor, Anders og Randi.

Solveig fekk folkeskulen hos far sin, også teikning. Mange gonger lét far Olav henne få andre motiv enn kjedelege klossar, flasker og gjenstandar. Han kunne gje sær oppgåver med å illustrere eit vers eller ei forteljing; noko som utvikla intuisjon og kreativ evne.

– Det var nok teikning og måling som var største interessa mi i oppveksten, fortel Solveig.

– Rundt det store kjøkkenbordet kunne me sysken sitje og teikne under parafinlampa i vinterkveldane. Den gongen var det mangel på kvitt papir. Difor teikna me ofte på grått innpakkingspapir; stundom på margen i avisa, på baksida av voksduken og slagbenken. Når eg fekk ei kladdebok, var det storveges. Då kunne det bli teikneseriar.

– Eg var svært glad då eg hausten 1938 kom inn på Kunst- og handverksskulen. I 1939 gjekk eg også på Kunstakademiet. Eg lika å måle etter modell, og aktmåleria var i oljemåling. Ei stund hadde eg Henrik Sørensen (1882–1962) som lærar i Oslo. Han var inspirerande og lånte oss kunstbøker. Eg lærte mykje av han. Då var eg ikkje sikker på om det var målar- eller illustratøryrket eg skulle satse på.

– Å arbeide fast med teikneseriar tenkte eg ikkje på den gongen. Mange vurderte ikkje den retninga som fullverdig kunst. Eg høyrde at ein flink teiknar som Jens R. Nilsen, ikkje var verkeleg kunstnar; noko som gjorde meg rasande. Han var den første som teikna Smørbukk og Tuss og Troll fram til 1957. I den tida kom eg òg i kontakt med ein som jobba med teiknefilm. Eg fekk nokre oppgåver i prosjektet, som var veldig interessant. Men så kom krigen og sette ein stoppar. Eg reiste heim att til Vrødal.

I 1952 gifta ho seg med Arne Sanden og flytta inn i nytt hus på Vatnar, i nærleiken av Straumsnes. Det nye kunstnarnamnet hennar vart Solveig Muren Sanden, og snart dukka det opp i Norsk Barneblad i fleire samanhengar.

Ein kunstnar veks fram

Alt som 14-åring fekk ho ein illustrasjon på trykk i *Norsk Barneblad*. Under krigen, sommaren 1942, hadde ho si fyrste utstilling i Arendal. Ho stilte ut akvarellar med motiv som var henta frå Vrødal og Haugtussa. «En ung kunstnerinne i Vrødal», stod

det å lese i avisa, og ho fekk ein del nye oppdrag. Desse åra nytta også Solveig til å lage ei barnebok som vart gjeven ut på Nasjonalforlaget i 1942. Boka hadde egne teikningar, eigen nynorsk tekst og fekk tittelen *I trollheimen*.

I kunstutviklinga si har Solveig Muren Sanden hatt fleire førebilete. Louis Moe (1857–1945) var fødd i Arendal og flytta i ung alder til København. Om somrane var han i Vrødal gjennom 40 år, der bygde han si kunstnarhytte på Juvlandsæter.

*Dei harmause og
dumme trolla er
mine favorittar,
sjølv om det finst
somme som er
slemme òg.*

Solveig Muren Sanden

Ein sommardag i 13-årsalderen tok faren Solveig med til Juvlandsæter. Kunstnaren viste interesse for arbeida og gav henne positiv kritikk. «Du skal teikne det du tenkjer. Dyra må ikkje stå stille, dei skal ha fart og rørsle. Då får teikningane liv», sa Moe.

Åra etter krigen utvikla Solveig Muren Sanden seg som kunstnar. Ho gjekk eitt år til på Kunstakademiet, men satsa stadig meir på illustrasjonsarbeid. Ho arbeidde med fleire sjangrar: oljemåleri, akvarellar og illustrasjonar. Oppdraga kom frå ymse hald. Det kunne vere privatpersonar som kjøpte bilete, *Norsk Barneblad* som trong ein illustrasjon, forlag som skulle ha akvarellar til bokomslag. Ofte laga ho både framside og teikningar til juleheftet *Jol i*

Telemark. Men viktigast var det truleg at ho i desse åra vidareutvikla sin eigen eventyrstil. Den kom til å bli inspirert av Theodor Kittelsen (1857–1914) og Henrik Sørensen.

Norsk Barneblad

1957 markerte eit generasjonsskifte i *Norsk Barneblad*. Den nye redaktøren Johannes Farestveit hadde begynt året før. Men han var på leiting etter ein ny teiknar.

Den våren fekk Solveig Muren Sanden i Vrødal eit viktig brev. Det var datert 13. april 1957, og redaktør Farestveit skreiv: «Med dette gjer vi oss så frie at vi sender Dykk nokre forteljingar og dikt til illustrering. Vi har sett nokre av teikningane Dykkar, og likar dei godt.»

– Eg vart overvelda. Spurde meg sjølv om eg ville klare det. Tenk å kome etter Jens R. Nilssen, som hadde teikna i barnebladet i femti år! Eg viste godt kva hans særmerke var: flotte teikningar med ein tunn og presis strek, ein kombinasjon av realisme, karikatur og solid handverk.

– Eg trong ein liten tenkjepause. Så sette eg i gang på teikneromet mitt. Ein månad seinare fekk eg nytt brev: «Takk for dei 7 illustrasjonane! Vi er svært nøgde med dei – det er sjelden vi får så fint arbeid, og så sant De vil teikne meir for oss, skal vi vere storleg takksame. Over postgiro sender vi i dag kr. 210,00 som teikneløn.» Eg følte eg var oppdaga.

– På den tid stelte gamleredaktøren, Haavoll, framleis med barnebøker og julehefte. Han hadde bruk for ein ny teiknar til *Tuss og Troll*-heftet. Då han fekk sjå dei sju illustrasjonane mine, sende han straks brev: «Er dette noko som interesserer Dykk? Send meg personleg eit svarord snøggast!»

– Igjen måtte eg tenkje meg nøye om. Men året 1957 vart starten på eit godt og langt samarbeid. Både Johannes Farestveit og eg kom til å setje stor pris på kvarandre. Det enda opp med 30 år med *Tuss og Troll*, og meir enn 20 år med *Smørbukk*.

Når ein ser på livsverket til Solveig Muren Sanden, må ein konstatere at ho og Johannes Farestveit var eit radarpar. Ved tilbakeblikk ser ein tydeleg at Solveig vart husteiknar for *Norsk Barneblad*. Ho illustrerte forteljingar i bladet, laga vignettar til faste spalter og teikna rundt sytti bokomslag til dette forlaget.

Største arbeidet var utan tvil teikneseriane. Solveig teikna 30 *Smørbukk*-hefte og hadde ansvar for 49 hefte av *Tuss og Troll*. På eit ski-





TIDLEG START: Alt som 14-åring fekk Solveig Muren Sanden ein illustrasjon på trykk i Norsk Barneblad. Seinare skulle det bli mange fleire.

Foto: Tone Tveit

pingsmøte for Smørbukks vener i 1983 i Rauland vart ho vald til heiderlagskvinne. Ho og Farestveit fekk den første teikneserieprisen Kulturdepartementet delte ut i 1974.

Smørbukk

Solveig teikna *Tuss og Troll* frå 1957, og *Smørbukk* frå 1959 til 1983. Ikkje rart at ho i løpet av alle kunstnaråra og med sin store arbeidskapasitet har fått tilnamnet teikneseriedronninga.

– Smørbukk fekk sin faste plass to stader: i teikneserien i *Norsk Barneblad* og i *Smørbukk*-hefta. Legg ein serie-rutene der saman med *Tuss og Troll*-illustrasjonane, har eg teikna svært mykje. Meir enn 9000 'ruter' på 24 år, har Olav Norheim sagt i boka *Smørbukk 70 år*.

– Smørbukk vart tidleg min favoritt. Då eg kom inn i «livet» hans, mjukna eg han opp. La vekk karikaturen, ironien og moderniserte han forsiktig. Utan at eg tenkte så mykje over det, fjerna han seg gradvis frå vestlandsmiljøet og kom meir og meir inn i telemarksnaturen: Han er ein fantasifull gut i 12–14-årsalderen, som prøver mangt utan å klare alt. Lett å identifisere seg med og å bli glad i.

– Somme har kalla meg «mor til Smørbukk» opp gjennom åra. Eg følte det var naturleg å late

han gå gjennom ei viss utvikling. Smørbukk har blitt litt breiare og eldre, men ikkje alltid meir fornuftig. Knebuksene vart til shorts, og olabuksa avløyste nikkersen. Han var den første gutungen som køyrde snøskuter i 1967. Men skyggelua og islendaren har han fått behalde. Ser me på Smørbukken sitt 'livsløp', kan eg vel seie at det finst tre generasjonar av han. Den i midten er min Smørbukk; noko som av og til gir meg ei lita sonkjensle.

– Mange kjenner nok dei stornasa trolla mine. Dei har eg brukt i hefte og bøker, til illustrasjonar og på kort. Men dei er alle snille troll. Dei harmause og dumme trolla er mine favorittar, sjølv om det finst somme som er slemme òg. Når eg vandrar i den vakre vrådalsnaturen, hender det at eg anar konturane av 'troll' der ute. Det kan vere ei rot, ein stein eller ein fjellformasjon som skaper inntrykk av ein dovregubbe. Då anar eg korleis trolla i gamletida kunne vekse fram i søger og folkedikting.

Heider

I 1984 vart Solveig Muren Sanden med på sitt andre større bokprosjekt. Det var då *Norsk Barneblad* gav ut *Hønemor og dei tolv kjuklingane* med Aslaug Høydal som forteljar og Solveig som teiknar.

Sjølv om Solveig Muren Sanden pensjonerte seg frå det faste kunstnararbeidet i 1986, var ho aktivt med i mange samanhengar både heime og ute, heilt til det siste. Ho har laga teikningar, akvarellar og bilete. Sommaren 2007 gav ho eit større oljemåleri av den gamle Flekstveit-garden til Kviteseid bygdetun. Den største gåva hennar kunne Telemarksavisa melde om 27. februar 2001. Då overførte Solveig Muren Sanden ei flott samling av hundre originalarbeid til Kviteseid kommune.

Solveig var ein sympatisk og stillfarande biletkunstnar. Ho fekk oppleve at mange sette pris på arbeidet og teikningane hennar. Ho fekk kongens fortenestemedalje i sølv i 2001. På ein stor eventyrfestival i Heidal fekk ho utmerkinga «Trollauga» i 2004. Året etterpå tok ho imot kulturprisen frå Kviteseid kommune. Ho har stilt ut på Maihaugen, Brandbu, i Kviteseid, Notodden, Krødsherad og Heidal. Sommaren 2010 hadde Galleri Samvirke ei stor utstilling av arbeida hennar i Vrådal.

14. 07. 2012 avduka Kviteseid kommune *Smørbukk i bronse* på Vrådal torg. Han er plassert på amfiet ved miljøgata til heider og ære for biletkunstnaren. Solveig Muren Sanden døydd 22.11.2013.

OLAV MOSDØL



Nynorsken fjernar seg frå seg sjølv! Dette trur eg mållagsleiar Magne Aasbrenn no har skjøna. I leiarartikkelen i *Norsk Tidend* 2, mars 2018, skriv han kløyvd infinitiv. Her er det konsekvent vera og gjera gjennom heile artikkelen. Dersom dette signaliserer eit endra syn på korleis nynorsken bør stellast med, er det ei gledeleg vending, skriv **Hallvard Hegna** mellom anna i dette innlegget.

Ei gledeleg vending

VOKALEN a GJEV norsk og svensk eit særpreg. Dette skil desse språka frå dansk. Språkstriden «nynorsk/bokmål» har difor dreidd seg mykje om denne vokalen. Ein har vilja gjera bokmålet «norskare» med a-endingar i substantiv og verb (utan at dette har hatt særleg vernad for korleis bokmål vert skriva.) A-infinitiv var òg normrett i bokmålet ein periode før 2005.

At e-infinitiven no dominerer i nynorsken, er eit brot med tradisjonen, og det endrar språkets karakter. Dette skjer òg når ein gjer a-verb til e-verb (lika > likte).

Brev frå det offentlege har e-infinitiv, det same har brev frå Språkrådet. Redaksjonsspråket i *Nynorskordboka* har òg e-infinitiv. «Dette er ei avgjerd som er tatt for å kunne ha ein standard slik at det vert konsekvens i redigeringspråket. E-infinitiven er truleg vald fordi den er mest brukt.» svarar dei meg. Målet er klart: E-infinitiv skal verta standard i nynorsk.

DETTE MÅ SEIAST vera eit paradoks: Nynorsken fjernar seg frå seg sjølv! Dette trur eg mållagsleiar Magne Aasbrenn no har skjøna. I leiarartikkelen i *Norsk Tidend* 2 mars 2018 skriv han kløyvd infinitiv. Her er det konsekvent vera og gjera gjennom heile artikkelen. Dersom dette signaliserer eit endra syn på korleis nynorsken bør stellast med, er det ei gledeleg vending. Edvard Hoem har alltid halde seg til kløyvd infinitiv, og Halvor Tjønn, som skriv i *Dag og Tid*, har gjort eit skifte – frå e til konsekvent a-infinitiv. Dette kan kalla «måltreising på norsk folkemåls grunn» (eit uttrykk frå Halvdan Koht). Jens Arup Seip fann ut i si tid at 65 prosent av folket hadde a-infinitiv i rein eller kløyvd form.

NÅR DETTE ER sagt, so er det andre ting som peikar i ei anna lei. Her er eit par døme frå ei opplæringsøving som Språkrådet tilbyr. Ein spør:

Kva er rett bøyning av substantivet sak?

*Ein sak – saken – sakar – sakane
Ei sak – saka – saker – sakene*

Begge er rette

*Man kan aldri vere forsiktig nok.
Ein kan aldri vere forsiktig nok.*

Begge er rette.

Dette er berre noko av det som undra meg i øvinga. Ein artikkel i *Utdanning* 4/2018 er eit apropos til dømet ovanfor: Ein lærar har laga ei liste over ord som bokmålslevar skriv feil. Denne skal hjelpe dei til å skriva nynorsk rett. Eitt av orda i lista er pronomenet i øvinga: «*man*», eit ord eg alltid har halde for å vera typisk riksmål. No skal alto det ògso vera «nynorsk»!

SPRÅKNYTT 3/17 HAR eit intervju med Jon Fosse: At han skriv godt, trur han har noko med nynorsk å gjera, seier han. «Du merkar skilnad på nynorsk og bokmål. Det kjem noko anna ut.» Då stykket hans, «Nokon kjem til å komme», vart spelt på bokmål på Nasjonalteateret, «vart det sagt noko anna», seier Fosse. «Stykket skifte farge.» No har han slutta å skriva skodespel, «og i trilogien «Andvake» skreiv eg a-infinitiv og so gamalvare som eg fekk det til (han fekk den nordiske litteraturprisen). Eg var ikkje redd for gamle, gode ord.» No skriv han det han kallar «radikal nynorsk»: «Det vil seia markert og langt borte frå bokmålet,» seier han. Og: «Samstundes kan eg ikkje skjønna at det kan heita «bølge» på nynorsk. Det same gjeld for «tenka». Å ta vekk j-en er like gale som å ta vekk j i «ikkje». Ingen språk er konsekvente, men alle språk har nokre markørar. Og dei skal ein ikkje tukla med,» seier Jon Fosse.

Det er i ei ordliste frå Samlaget dette er gjort (Enkel nynorsk ordliste). Men i denne ordlista er det òg gjort noko klokt. Der er *ta/teke* eineform. For *ta – tar – tatt* er ei bøyning som bryt med nynorsk stil og skjemma ei elles god nynorsktéxt.

EG VIL MINNA om at Språkrådet (etter at det i mai 2012 hadde godkjent Riise-normalen, der alle former er likestilte) gjorde eit anna vedtak: «*Som eit tillegg til denne går styret med seks mot to røyster inn for at språkrådet lagar ei tilrådd norm for nynorsk. Med ei slik norm brukar ein berre ein skrivemåte av alle ord som har valfrie skrivemåtar*

i den offisielle rettskrivinga. Den tilrådde norma blir eit tilbod som ikkje er obligatorisk å bruke for nokon, men kan gjere det lettare for mange privatpersonar å skrive regelrett og stilsikkert.» (ført i pennen av Ottar Grepstad).

I august 2017 kom det ut ei ordliste som svarar til «tilrådd norm». Det er «*Nynorsk ordliste – tradisjonell og einskapleg norm*» frå Kunnskapsforlaget. Ho har òg ein liten grammatikk og ei synonym-ordliste bokmål>nynorsk.

NÅR DET GJELD 2012- norma, må ein lura på kvifor det skulle vera naudsynt å setja inn i nynorsken bokmålsformer for ord som det er gode tradisjonelle nynorskord for. Døme: Av substantivet «linje» har ein jamvel laga to hybridar: *skiljelinjer* og *straumlinjer*. Kvifor kunne ikkje *skiljeliner* og *straumliner* vera eineformer? Og kvifor kunne ikkje preteritum av *å læra* vera «*lærde*»? – No er det ikkje lenger normrett nynorsk; det skal vera «*lærte*!» –

Eg har sett denne normeringa grunngeven med at «fleirtalet seier og skriv «lærte». Då gjer ein det som Olav H. Hauge har skildra slik:

«*Riv ut ein stein her og ein stein der i ein mur, - det fører til at heile muren rasar saman*». Det er dette som er gjort med nynorsken sidan 1938 (side 232 i 5. band av Hauges dag-bøker).

APROPOS HAUGE: Han fortalde til Johannes Gjerdåker at då han ein gong var i ei litterær samkome i Oslo, kom André Bjerke bort til bordet han sat ved: «Jeg misunner Dem Deres språk,» sa han, denne markante riksmålsdiktaren.

Og eg må leggja til: «Det Norske Akademi for Språk og Litteratur» har no medlemmer med nynorsk som hovudspråk. Ein av dei er diktaren Knut Ødegård.

«Tal dialekt, skriv nynorsk!» har vore slagordet åt Noregs Mållag sidan 1970-åra. Ein trudde dette skulle få mange til å skriva nynorsk. Men når dei nynorsknære dialektane vert fortregnde av fleirtalsmålet (Hallingdal, Valdres, Telemark osv.), då fell grunnlaget for slagordet bort. Mållaget har likevel auka medlemstalet sitt. Det

har vorte fleire «nynorskpatriotar». Kva desse patriotane tenkjer og gjer, er viktig. Det beste dei kan gjera for nynorsken, er å leggja seg etter å læra seg språket og bruka det i skrift og tale. – Uttrykka «fyrste gong/første gang» viser skiljet i dagens nynorsk.

«Eit språk treng respekt,» seier Ottar Grepstad i boka *Draumen om målet*. Difor må målrørsla ha fokus på kvalitet. Det særmerkt nynorske må ikkje gå tapt. Nynorsk må vera eit alternativ mål. Ein må òg hugsa på at eit språk ikkje høyrer berre til ein eller eit par generasjonar. Det er felleseiga åt eit folk i mange generasjonar.

A-INFINITIVEN «SMAKAR» NYNORSK, og eg trur han verkar på elevane slik at dei tenkjer meir «nynorsk», noko som gjev nynorsk målkjenle. Eg råde difor barneborna mine i Bærum til å skriva a-infinitiv, og dei gjorde det godt i sidemålet.

Opplæringa i skulen er ei hovudårsak til at e-infinitiv har vorte dominerande. Han er òg godt som einersadande i nynorske fjernsynstekster. Det gledde meg difor då det heilt uventa dukka opp eit program med sær god nynorsk tekst. Dette må gjera godt for nynorsken, tenkte eg. Det same gjeld god nynorsk i blad og bøker. Ivar Aasen heldt gode førebilete for viktig.

MED MAGNE AASBRENN har Noregs Mållag fått ein aktiv og entusiastisk leiar i. Og som norsk-filolog er han fagmann. Når han i siste leiarartikkelen førde a-infinitiv inn i nynorsken sin, viste han språkleg klokskap, det gjev meg voner for nynorsken, som slit. Difor bør det vera ordskitte om spørsmåla som reiser seg. Under overskrifta «Og bakom syng minoritets-språkspakta», etterlyste leiaren i Norsk Målungdom, Fredrik Hope, diskusjon. Han spør: «*Skal me gå for språksikring eller jamstilling?* I dag er dette det største spørsmålet for målrørsla. Kvar vert det av ordskitet?»

Eg fyller 90 år i juli, og vil då snart koma til å forlata «arenaen». Det vil difor gleda meg om eg fær koma til orde med denne artikkelen.

HALLVARD HEGNA



FREDRIK HOPE
Leiar i Norsk Målungdom

Fleire nynorsk-brukarar med nye kommunar

KORLEIS KAN ME utnytta kommunesamanslåingane til å skapa nye nynorsk-område – med fleire nynorskbrukarar?

NÅR DET VERT vedteke kommunesamanslåingar i nynorskområda, kan det føra til tre ting: Status quo, mindre nynorsk eller meir nynorsk. Målfolk er som folk flest, og er både for og mot kommunesamanslåingar. Men same kva me meiner om den saka, kan me få godt betalt på sikt om me får språket vårt inn i planane som vert laga etter at ei kommunesamanslåing er vedteken.

EIT DØME ER nye Ålesund kommune. Dette vert den største kommunen i Møre og Romsdal, og den klart mest folkerike kommunen i Noreg som krev at staten skal nytta nynorsk i kontakt med dei. Det vert den kommunen i landet med tredje flest nynorskelevar – over 2500. Her har dagens språknøytrale Ålesund og dei fire nynorsk kommunane rundt laga eit godt, gamaldags kompromiss: Kommunen skal i stort mon nytta nynorsk utetter og krevja nynorsk frå staten, som lyt nytta nynorsk på NAV, Vinmonopolet og Vigra lufthamn. Innbyggjarane skal få svar på det språket dei sjølv vil, og bokmålsbrukande tilsette kan få lov til å nytta bokmål i nokre samanhengar.

VONLEG KAN DETTE føra til mykje meir nynorsk i eit av dei mest folkerike områda på Vestlandet. Meir synleg nynorsk fører til at det vert lettare å vera vaksen nynorskbrukar, at fleire held fram som nynorskbrukarar og at fleire foreldre vel nynorsk for borna sine. Målet for Noregs Mållag må vera at nynorsk får eit større innpass og fleire brukarar i heile nye Ålesund, ikkje berre dei delane som i dag er nynorskområde.

FOR Å FÅ til dette treng me meir enn vedtaka som er fatta. Dei tilsette i kommunen må få nynorsk kurs, borna i barnehagane treng å sjå meir nynorsk og det må koma språkdelt klassar i ungdomsskulen. Det må skapast større medvit på nynorsk skulane i området om at dei faktisk er nynorsk skular, og at dei må nytta nynorsk utetter.

I NYE ÅLESUND treng me ei sterk mål-rørsle i åra som kjem. Både for å få best mogleg politiske vedtak og for å stå opp mot dei som ynskjer å halda jengendbyen fri for nynorsk. Det trengst enno meir i nye Stavanger, nye Sandnes og nye Molde – der det ikkje finst forplikande vedtak som på Sunnmøre. Me har mykje å vinna: Me kan få meir nynorsk i folkerike område – og med det ligg vegen open for fleire nynorskbrukarar.

Foto: Marte Søreng

Ballongblåsing og ballongsprekking

I SAMBAND MED «Nynorsk mytekusar»-kampanjen til Norsk Målungdom hadde Studentmållaget i Nidaros ein utradisjonell aksjon: ballongslepp. Mange trur mykje om nynorsk, og mykje av det dei trur, er feil. Gjennom kampanjen Nynorsk mytekusar har vi forsøkt å opplyse folk om kva som er nynorskmyte, og kva som er fakta. På flygeblada vi brukte i kampanjen, var det ei teikning av ein ballong som vert sprekt med ein pennespilting, som ein slags metafor for mytekusning. Studentmållaget tykte det kunne passe godt å nytte ballong til aksjonisme. Ballongslepp-ideen fekk spire og slå røter hos SmiN-styret, og aksjonen var eit faktum.

